



# “Nynorsk? Offamæg... Skriv dialekt!”

Ei undersøking av haldningar til nynorsk som hovudmål blant ungdom i randsona for nynorsken

SIGRID ÅSEN HAUGSGJERD

RETTLEIAR

Rune Røsstad

**Universitetet i Agder, 2018**

Fakultet for humaniora og pedagogikk

Institutt for nordisk og mediefag



## **Forord**

Hjarteleg takk til rettleiar Rune Røsstad for svært grundige tilbakemeldingar og gode råd om skrivearbeidet. Meir nøyaktig i arbeidet kan ein ikkje vente seg av nokon rettleiar.

Takk for stor velvilje ved Evje ungdomsskule, og særleg takk til alle informantane for at de ville delta i denne undersøkinga.

Til slutt vil eg rette ein stor takk til korrekturlesarane.

Grendi, 7. mai 2018

Sigrid Åsen Haugsgjerd

## **Innhaldsliste**

Forord	ii
Figurar og tabellar	v
1. Innleiing	1
1.1 Nynorsk i randsona	1
1.2 Problemstilling	4
2. Randsona for nynorsk på Sørlandet	6
2.1 Språkutvikling på Agder	6
2.2 Evje og Hornnes kommune	10
2.3 Evje ungdomsskule	11
3. Teoretisk tilnærming	15
3.1 Språkhaldningar	15
3.2 Markert og umarkert skriftspråk	20
3.3 “Nynorsk identitet” eller nynorsk som ein del av identiteten	22
3.4 Språkmarknad	24
4. Metode	27
4.1 Kvantitativ metode	27
4.1.1 Reliabilitet og validitet	27
4.2 Utval og gjennomføring	29
4.3 Spørjeundersøking	31
4.4 Metodekritikk	32
4.4.1 Utforming	33
4.4.2 Gjennomføring	35
4.4.3 Tolking	35
5. Kva slags haldningar har ungdommane til nynorsk?	39
5.1. Funn	39
5.1.1 Forholdet til nynorsk	40
5.1.2 Praktisk bruk av nynorsk, bokmål og dialekt	48
5.1.3 Framtida som nynorskbrukarar	53
6. Drøfting	60
6.1 Haldningane til nynorsk	60
6.2 Lite attraktiv nynorskidentitet?	62
6.3 Haldningar til nynorsk både som hovudmål og som sidemål	64
6.4 Praktisk bruk av nynorsk på den opne marknaden	65
6.5 Eit markert språk	67
6.6 Framtida ser ikkje nynorsk ut	68
6.7 Tek dialektbruken over for nynorsken?	70

6.8 Frå sosial frigjering til strenge rammer?	70
6.9 Får me eit blandingsspråk?	72
6.10 Ein trend som må snu?	73
6.11 Oppsummering	74
<b>7. Avslutning</b>	<b>76</b>
7.1 Tema og problemstilling	76
7.2 Resultat	76
7.2 Konklusjon	78
7.3 Vidare forsking	79
Litteraturliste	81
Samandrag	85
Abstract	86
Vedlegg	87
Vedlegg 1: Informasjonsskriv og samtykkeerklæring	87
Vedlegg 2: Spørjeundersøking	89
Vedlegg 3: Tabellar og figurar	99
Vedlegg 4: Informantutsegner frå opne spørsmål	117

# Figurar og tabellar

Figur 2.1 Hovudmål i grunnskulane - Aust-Agder.....	7
Figur 2.2 Hovudmål i grunnskulane - Noreg.....	8
Figur 2.3 Folketalsutvikling i kommunane i og rundt Setesdal.....	11
Figur 3.1 Dei tre komponentane som utgjer haldningar.....	16
Figur 5.1 Ord elevane tenkjer om “nynorsk”.....	40
Figur 5.2 Ord elevane tenkjer om “bokmål”.....	41
Figur 5.3 Kva synest du om norskfaget?.....	43
Figur 5.4 Meir nynorsk i samfunnet?.....	43
Figur 5.5 Negative kommentarar på nynorskskriving.....	44
Figur 5.6 Kunnskap i nynorsk.....	45
Figur 5.7 Kunnskap i bokmål.....	45
Figur 5.8 Oppfatningar av den lokale dialekten.....	46
Figur 5.9 Er det viktig for deg å halde på den lokale dialekten?.....	47
Figur 5.10 Forholdet mellom nynorsk og den lokale dialekten.....	48
Figur 5.11 Skriftspråk i meldingar til vener.....	49
Figur 5.12 Bruk av anna skriftspråk enn nynorsk.....	49
Figur 5.13 Informanten vel ord blant nynorsk-, bokmål- og dialektvariantar.....	50
Figur 5.14 Haldningar til å lese.....	51
Figur 5.15 Haldningar til å skrive.....	51
Figur 5.16 Grepstad sine tal “Liker du å lese...” .....	52
Figur 5.17 Grepstad sine tal “Liker du å skrive...” .....	52
Figur 5.18 Kva les du mest av på fritida?.....	53
Figur 5.19 Om elevane kjem til å halde fram med nynorsk på vidaregåande.....	54
Figur 5.20 Kvifor velje nynorsk.....	54
Figur 5.21 Lettare med bokmål som hovudmål?.....	55
Figur 5.22 Målformskifte frå nynorsk til bokmål.....	55
Figur 5.23 Målformskifte frå nynorsk til bokmål blant medelevar.....	56
Figur 5.24 Kva slags linje på vidaregåande.....	58
Figur 5.25 Har det noko å seie kor ein kan gå på linjene på VGS?.....	58
Tabell 3.1 Oppfatningar av nynorsk og bokmål.....	21
Tabell 3.2 Språkmarknad.....	25



# 1. Innleiing

## 1.1 Nynorsk i randsona

Denne masteravhandlinga tek utgangspunkt i språksituasjonen i grensetraktene mellom tradisjonelle nynorskkommunar og bokmålskommunar. I randsonene i Telemark, Hallingdal, Valdres, Nord-Gudbrandsdal, på Nordmøre, i Romsdal og rundt byane på Vestlandet er det eit stort press på nynorsken. Også i Agderfylka står nynorsk i ein pressa situasjon, og mange elevar i grenseområda vil nok kunne kjenne på dette presset. Det er i desse områda stadig færre som vel nynorsk som opplæringsmål, og stadig fleire som skiftar hovudmål til bokmål i løpet av grunnskulen og vidaregåande skule.

*Randsona* er eit viktig omgrep i denne samanhengen, og viser til eit område som er rundt eller langs eit meir sentralt område (Det Norske Akademis Ordbok, 2018). Det er altså eit grenseområde, og dermed eit område som har andre kjenneteikn enn dei sentrale områda. I denne samanhengen er det nynorskens randsoner som er det interessante. Nynorskens randsoner ligg langs dei tradisjonelle nynorskområda i landet. Der det finst område kor det nynorske skriftspråket står sterkt, vil det vere grenseområde der situasjonen er meir uavklart. I desse grenseområda kan ein finne sterkare bokmålsdominans enn i kjerneområda, og nynorskprosenten i skulane er i fleire tilfelle på veg nedover.

Det er eit fråfall frå nynorsk som hovudmål i randsonene mellom tradisjonelle bokmålskommunar og nynorskkommunar. Språkskifte frå nynorsk til bokmål er tidlegare tematisert av fleire forskingsprosjekt. Særleg har fokuset vore på det store språkskiftet i vidaregåande skule. Forskar Endre Brunstad ved Universitet i Bergen held på med eit forskingsprosjekt i Fjell kommune, der andelen nynorskelevar har blitt halvert sidan 90-talet. Fokuset hans ligg på ungdomsskulen, og han argumenterer slik: “Det er eit skifte mellom barneskulen og ungdomsskulen, men aller mest i vidaregåande. Det indikerer at ungdomsskulen er viktig” (Brunstad, sitert i Nøttveit, 2017). Dei nynorske randsonene er prega av stort språkskifte i ungdomsskulen og i vidaregåande, og det kan ha samanheng med når nynorskelevane hamnar i mindretal.

Den språklege situasjonen som er skissert ovanfor er utgangspunktet for interessa for korleis dei språklege tilhøva er i Evje og Hornnes kommune. Dette er ein kommune som er språknøytral og ligg i grenseområdet mellom “nynorskland” og “bokmålsland”. Gjennom heile skuleløpet har elevane høve til å skifte hovudmål, men det største fråfallet frå nynorsk skjer hovudsakleg i møte med, eller i løpet av, vidaregåande skule (Utdanningsdirektoratet, 2014). Såleis er det grunn til å tru at elevane ved ungdomsskulen, dersom dei ikkje allereie har gjort seg tankar om å skifte hovudmål, kan kome til å gjere det om eit par år når dei byrjar på vidaregåande. Det kan også vere at dei skiftar hovudmål i løpet av åra der. Det er difor interessant å undersøke kva nynorskelevane i dag tenker om forholdet til skriftspråket sitt, før dei kjem inn i perioden der skifte av hovudmål frå nynorsk til bokmål er størst.

Ei av årsakene til den språklege utviklinga er grunngjeve demografisk. Folk flyttar inn mot dei store byane, og i distrikta flyttar folk inn mot dei store sentra (Walton, 2015, s. 27). Endringane gjer at det blir fleire folk busette på større stader og i byar, og det er i desse områda stort sett bokmål som er dominerande. Prosenten elevar med nynorsk opplæringsmål går difor ned, sjølv om det absolutte talet på elevar er meir stabilt. Det er likevel grunn til å tru at forklaringa på utviklinga ikkje berre er så enkel som fråflytting og tilflytting. Språkendringa i randsonene fortel noko om at nynorskandelen går ned også her, og då er det ikkje flytting som er problemet. Haldningane til skriftspråket kan spele ei viktig rolle som forklaring på språkutviklinga.

Haldningar er rekna som eit av elementa som er viktige for at elevar held fram med å bruke nynorsk som skriftspråk. Kunnskapsdepartementet formulerte følgjande i eit invitatsjonsbrev til ei ressursgruppe for nynorsk som hovudmål i 2012:

*Det er eit behov for å styrke innsatsen slik at fleire elevar held fast ved nynorsk som hovudmål gjennom heile opplæringa. Motivasjon, haldning, kultur og kompetanse er alle viktige element som kan medverke til å nå dette målet.*

Regjeringa, 2013

I denne samanhengen er det snakk om *språkhaldning*, og det er eit viktig tema innanfor sosiolinguistikken.

Språkhaldning som forskingsobjekt er tidlegare særleg brukt i tilknyting til undersøkingar om talemål, men det har blitt gjennomført undersøkingar om språkhaldning i tilknyting til skriftspråk også. Ragnhild Anderson har undersøkt haldningane til nynorsk blant studentar ved allmennlærarutdanninga. Ho fann blant anna ut dette: "Kor god ein er i nynorsk, kan sjå ut til å hanga saman med den innstillinga eller haldninga ein har til nynorsk" (Anderson, 2007, s. 23). Haldningar er avgjerande for motivasjonen for å lære noko, og det har blitt halde fram at dei som har negative haldningar knytt til nynorsk, kan ha større vanskar med å lære seg det. Språktoleransen er dermed viktig for at eit språk skal haldast i hevd.

Noreg er kjent for å vere eit tolerant land når det gjeld dialektbruk over det meste av samfunnet (Trudgill, 2002, s. 31). Ein kan høre ulike dialektar blir brukt på tv, i radio, i stortingssalen, på universitet og i kyrkja. Det er ingen som reagerer særleg på dialektbruken lenger, og i dag har det blitt meir og meir vanleg for dei fleste å kunne bruke talemålet sitt som ein vil. Toleransen for nynorsk kan derimot seiast å vere mindre på ein del område. Eit døme på dette ser ein i sidemålsopplæringa ved at negative haldningar til nynorsk kan stå i vegen for opplæringa.

Grepstad (2012) kjem med eit døme på korleis nynorsk kan verke lettare å lære seg dersom dei negative haldningane ikkje er til stades: "Ein innvandrar som sjølv har vore lærar på Tokerud ungdomsskule på Stovner i Oslo, trur at "nynorsk kan vere lettare å lære for ein innvandrar enn for mange nordmenn særleg av di ein ikkje har negative haldningar til målforma" (Grepstad, 2012, s. 172). Dette er eit interessant utgangspunkt for undersøking, sidan haldningane dermed er med på å påverke kva slags forhold ein har til språket, og når og korleis ein brukar det.

I denne oppgåva er føremålet å sjå på kva slags haldning til nynorsk som hovudmål elevar ved ein ungdomsskule har. Dette kan tene som eit innblikk i kva som gjer at desse ungdommane seinare ser ut til å byte bort nynorsken til fordel for bokmål som opplæringsmål. Det kan vere interessant å undersøke om elevane sine haldningar til nynorsk heng saman med forholdet deira til heimstad og skule, med deira bokmåls-

og dialektbruk i kvardagen, planlagte utdanningsval, og om dei tenker å bruke nynorsk vidare i livet.

Eg har kartlagt haldningane til nynorsk blant elevar som sjølve har nynorsk som hovudmål, men som går på ein skule der det er ei nokså jamn fordeling mellom hovudmåla blant elevane. Det kunne også ha vore interessant å undersøke språkhaldningane til elevane som har bokmål som hovudmål, men sidan ein ønskjer å sjå haldningane i samanheng med framtida som nynorskbrukarar, er det av størst interesse å undersøke haldninga hjå dei som brukar språket i dag. Difor er undersøkinga gjennomført berre på ungdommar som har nynorsk som hovudmål. Med haldningar til språket meiner ein kva slags oppfatningar av og innstilling dei har til nynorsk, sidan dette er faktorar som kan påverke om dei held på hovudmålet eller ikkje. Haldningsomgrepet blir diskutert i den teoretiske tilnærminga i kapittel 3.

## 1.2 Problemstilling

I denne avhandlinga drøftar eg følgjande problemstilling:

*Kva slags haldningar til nynorsk som hovudmål har ungdomsskuleelevar i ein kommune i randsona for nynorsken?*

For å granske haldningar til nynorsk meir djuptgåande kan det vere interessant å undersøke:

*Kva slags forhold har dei til nynorsk?*

Det kan også vere nyttig å sjå på den praktiske bruken av skriftspråka:

*Bruker dei sjølv skrifteleggjort dialekt og bokmål meir enn nynorsk på fritida? Kva slags reaksjonar blir dei unge møtt med dersom dei skriv nynorsk privat, til dømes i sosiale medium? Endrar dei skriftspråk etter kva slags domene dei skriv i?*

Eg ønskjer også å sjå nærmare på korleis dei ser på framtida som nynorskbrukarar: *Vil dei halde fram med å skrive nynorsk, og kva er i så fall grunnane til det? Kva trur dei om framtida som nynorskbrukarar?*

For å undersøke haldningane til nynorsk som hovudmål blant ungdom i Evje og Hornnes, gjennomførte eg ei kvantitativ undersøking på ungdomsskulen på Evje. Det teoretiske fundamentet for avhandlinga blir presentert i kapittel 3. Litteraturen brukt i avhandlinga er i stor grad forsking innanfor sosiolinguistikken, men for å trekke inn

korleis språkdebatten er aktuell i dag, blir det også nemnt masteroppgåver som tek føre seg emnet og avisartiklar som tematiserer den aktuelle språkutviklinga. Eg drøftar det metodiske opplegget i kapittel 4, og ser på fordelar og ulemper ved å velje kvantitativ metode i form av spørjeundersøking. Resultata av undersøkinga blir presentert og drøfta i kapittel 5 og 6. Aller først kjem ein introduksjon om nynorskens randsone på Sørlandet.

## **2. Randsona for nynorsk på Sørlandet**

I dette kapitlet presenterer eg bakgrunnen for at akkurat dette området er interessant for undersøking. Sørlandet har eit rikt utval dialektvarietetar, og Skjekkeland (2012) har hevda at det er her ein finn størst dialektvariasjon innanfor minst område. Frå sørlandskysten, innover landet og opp Setesdal skjer det mykje både med talemåla og skriftspråksituasjonen. Frå ein sterk bokmålsdominans langs kysten går ein gjennom grenseområda, før ein møter dei tradisjonelle nynorskkomunane lengst nord i Aust-Agder og Vest-Agder, slik som Bygland, Valle, Bykle, Hægebostad og Åseral.

Der det finst område kor det nynorske skriftspråket står sterkt, vil det vere grenseområde der situasjonen kan vere meir uklar. I desse grenseområda kan ein finne sterkare bokmålsdominans enn i kjerneområda, og nynorskprosenten i skulane kan bli utfordra. Nokre stader er det då sterkt debatt om kva slags målform ein skal ha i kommuneadministrasjonen og skulen, og dette har i fleire tilfelle resultert i folkerøystingar. I nynorskkommunen Sirdal var det i 2017 røysting over skulemålet på Tonstad skule, men resultatet viste at fleirtalet ikkje ville endre målform til bokmål. Også i Åmli røysta dei over skulemål i 2010, og sjølv om folkerøystinga viste fleirtal for å halde fram med nynorsk, vart det nye skulemålet bokmål. Evje og Hornnes kommune er språknøytral, og språksituasjonen der kjem eg tilbake til i kapittel 2.2. og 2.3.

### **2.1 Språkutvikling på Agder**

I randsonene over heile landet er det eit stort press på nynorsken. Dette gjeld også i Agder, der mange elevar i grenseområda vil kunne kjenne på dette språkpresset. Agder er eit av dei områda der språkskiftet er stort, samanlikna med meir stabile område som Hordaland og Sogn og Fjordane. Ein har sett ein samanheng mellom andelen nynorskbrukarar og kor stort språkskiftet er. I ei undersøking gjennomført av Utdanningsdirektoratet om nynorsk som hovudmål, fann ein dette: “(...) sjansen for at en nynorskelev bytter til bokmål i løpet av skolegangen øker, jo større andelen bokmålselever er.” (Utdanningsdirektoratet 2014, s. 27). Ein opplever også at i desse områda møter folk mindre nynorsk i det daglege, og det er lite nynorskbruk i butikkar

og næringsliv. Dermed kan ein kanskje forklare kvifor språkskifte er prosentvis større i Agder, enn stader der nynorskandelen er høg.

Tal frå 1. oktober 2017 viser at det var 697 nynorskelevar i Aust-Agder, mot 13883 med bokmål som opplæringsmål. I alt er det 14770 elevar i grunnskulane i Aust-Agder (Statistisk sentralbyrå, 2018). Oversikta over fordelinga mellom nynorsk og bokmål i grunnskulane i Aust-Agder dei siste ti åra viser ein tydeleg nedgang i talet på nynorskelevar i fylket:

#### **Elevar inndelt etter hovudmål i grunnskulen 2007-2017 - Aust-Agder**

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
<b>Bokmål</b>	13441	13413	13440	13507	13527	13617	13537	13522	13600	13812	13883
<b>Nynorsk</b>	1048	924	853	810	795	779	759	741	716	728	697
<b>Total</b>	14489	14337	14293	14317	14322	14396	14296	14263	14316	14540	14580

Statistisk sentralbyrå, 2018a

*Figur 2.1 Hovudmål i grunnskulane - Aust-Agder*

Ein ser at det i løpet av dei siste ti åra har vore ein nedgang på over 300 elevar som har nynorsk som hovudmål. Talet på elevar i skulane i Aust-Agder har ikkje gått ned, men ein ser ein auke på omlag 100 elevar. Dette gjer at andelen nynorskelevar på dei siste ti åra har gått ned 2 prosentpoeng frå 7 % til 5 %. Det er relevant å trekke inn den tidlegare nemnde demografiske utviklinga i landet generelt, og då på Sørlandet spesielt. Tilflyttinga til byane og sentrumsnære strok gjer at mange mindre stader har ei negativ folketalsutvikling. Det er gjerne her nynorsksskulane og nynorskklassane er. Fleire av setesdalskommunane slit med fråflytting, og er dermed ein del av denne statistikken. Byane og områda i nærleiken av byane opplever tilflytting, og på Agder er desse områda prega av bokmålsskular. Dersom ein ser på tala på landsbasis, ser ein også her ei negativ utvikling når det kjem til andelen nynorskelevar:

### **Elevar inndelt etter hovudmål i grunnskulen 2007-2017 - Heile landet**

	<b>2007</b>	<b>2008</b>	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
<b>Bok-mål</b>	532126	531683	532133	533094	532603	533579	534238	537451	542234	547511	551214
<b>Ny-norsk</b>	84237	82392	81214	79841	78794	77411	76977	76679	76389	76549	76352
<b>Total</b>	616363	614075	613347	612935	611397	610990	611215	614130	618623	624060	627566

Statistisk sentralbyrå, 2018a

*Figur 2.2 Hovudmål i grunnskulane - Noreg*

Det er verdt å merke seg at talet på elevar i skulen stig. Dette er ikkje noko nytt, men det interessante er også her at andelen nynorskelevar har gått ned 2 prosentpoeng frå 14 % nynorskelevar i 2007, til 12 % nynorskelevar i 2017. Det er grunn til å tru at nedgangen vil vere størst i grenseområda, noko som kanskje kan vere tilfelle på skulen i denne undersøkinga. Elevane står her overfor det som kanskje kan opplevast som eit ganske ope val av målform, medan det i typiske nynorskskular og typiske bokmålsskular vil vere høgare terskel for å byte målform.

I undersøkinga gjort av Utdanningsdirektoratet går det fram at den relative nedgangen i andel nynorskbrukarar i Aust-Agder går ned til 68 % frå 1. til 10. trinn, og deretter ned til 20 % i 3. klasse på vidaregåande (Utdanningsdirektoratet, 2014, s. 28). Det er altså mange som byter frå nynorsk til bokmål i grunnskulen, men endå fleire som gjer skiftet i overgang til vidaregåande i Aust-Agder. Overgangen frå rein nynorskskule til ein blanda skule kan verke forsterkande på språkskifteprosessane. I skulen i denne undersøkinga er elevane språkleg blanda allereie frå 1. klasse av, og overgangen til vidaregåande blir ikkje nødvendigvis så stor her som for elevane som kjem frå reine nynorskskular lengre nord i dalstroket. Kanskje er denne flytande overgangen likevel noko som gjer det endå enklare å skifte hovudmål når dei tek til på vidaregåande.

Det er svært få som har nynorsk som hovudmål når dei er komne til Vg3, og i Aust-Agder låg talet på elevar som har nynorskdel på skriftleg eksamen på 1,2 % i 2016 (Språkrådet, 2017). Det viser seg ut i frå talmaterialet at jo mindre nynorskandelen er, jo større er det relative fråfallet blant nynorskelevane i løpet av skuletida. Det vil seie at jo mindre mindretalet av nynorskelevar er, jo meir sannsynleg er det at elevane byter målform.

Det vanlege er at språkskifte skjer i overgangen til nytt skuleslag. Så mange som omlag halvparten skifter frå nynorsk til bokmål i løpet av skuletida (Walton, 2015, s. 26). Sidan tala er så høge, kan det verke som språkbrukarane sjølve ikkje nødvendigvis ser på det som noko stort problem, og heller ikkje oppfattar det som særleg uvanleg å gjere det. Men som ein del av skriftspråkdebatten blir språkskifte likevel vurdert som ganske alvorleg, og det eit tema som opptar mange forskrarar. Ansvaret for å ta vare på skriftspråket bør ikkje berre ligge på den einskilde språkbrukar, meiner Kvåle Garthus, Todal og Øzerk (2010):

*Dersom samfunnet, gjennom skulen og andre organ, ikkje har noko å stille opp mot desse mekanismane, er det det same som å akseptere situasjonen og misforholdet mellom språka våre. Ein skyv samtidig ansvaret for å bevare nynorsken som språk over på den enkelte tenåringen.*

Kvåle Garthus, Todal & Øzerk, 2010, s. 32

Det er den situasjonen ein kanskje opplever særleg kritisk i grenseområda, altså i nynorskens randsoner. Det er opp til kvar enkelt elev å ta eit val om å halde fram med hovudmålet, eller skifte over til det meir dominerande bokmålet. Kanskje er det ikkje så heilt enkelt å forholde seg til denne situasjonen for ein tenåring som allereie har mange val han står overfor. Prosentdelen elevar som går over frå nynorsk til bokmål er størst i nynorskens randsoner - der nynorsken er minst synleg i arenaer utanfor skulen, og der nynorskprosenten er relativt liten frå før av.

## **2.2 Evje og Hornnes kommune**

I denne oppgåva undersøker eg haldningar til nynorsk som hovudmål blant ungdom i Evje og Hornnes kommune. Kommunen ligg sentralt til i Aust-Agder, rett ved grensa til Vest-Agder. Det er omlag 6 mil sør til Kristiansand og 17 mil nord til Haukeli. Kommunen grensar til sju andre kommunar. Arealet er på 550 kvadratkilometer og folketalet var pr. 1.1.2018 på 3625 (Evje og Hornnes kommune, 2018). Evje vart slått saman med Hornnes kommune i 1960. Kommunen har bergverkstradisjonar i verdsmålestokk, og Flåt nikkelgruve var på eit tidspunkt Europas største gruve. På den tida vart 75 % av all norsk nikkel produsert her.

Den største næringa er i dag varehandel, med over 200 sysselsette. Evje fungerer som eit handelssenter for Indre Agder. Dette har gjort seg utslag i at det stadig er nye butikkjeder som vil etablere seg der. Sysselsettinga er også stor innanfor offentleg tenesteyting og landbruk. Lenge var Forsvaret stasjonert på Evjemoen, og fram til nedlegginga i 2002 var det den største arbeidsplassen. Etableringa av militærleir førte i si tid til mykje tilflytting til kommunen.

Kommunen ligg nedst i Setesdal, og er i eit område som elles er prega av negativ folketalsutvikling. I Evje og Hornnes er det derimot folkeauge. Ein av grunnane til dette kan nok vere at kommunen fungerer som eit senter for dei omkringliggande kommunane, og er prega av vekst innanfor næringslivet. Fleire større butikkjedar har etablert seg der, og Evje sentrum har fått seg eit løft som handelsstad dei siste åra. Dette har ført til meir handel, noko som igjen fører til fleire arbeidsplassar.

I figur 2.1 kan ein sjå korleis folketalet har auka i Evje og Hornnes dei siste ti åra. I kommunane lengre nord i Setesdal, slik som i Bygland og Valle, opplever ein fråflytting:

	Folketalet ved utgangen av kvartalet										
	2007K1	2008K1	2009K1	2010K1	2011K1	2012K1	2013K1	2014K1	2015K1	2016K1	2017K1
0935 Iveland	1 190	1 211	1 222	1 266	1 305	1 295	1 294	1 319	1 316	1 328	1 331
0937 Evje og Hornnes	3 308	3 334	3 390	3 418	3 497	3 506	3 542	3 549	3 566	3 592	3 616
0938 Bygland	1 249	1 240	1 228	1 223	1 232	1 211	1 191	1 187	1 207	1 195	1 202
0940 Valle	1 310	1 321	1 301	1 286	1 268	1 288	1 282	1 252	1 238	1 247	1 246
0941 Bykle	909	922	958	971	980	960	939	942	947	939	965

*Statistisk sentralbyrå, 2018b*

*Figur 2.3 Folketalsutvikling i kommunane i og rundt Setesdal.*

Nord for Evje og Hornnes ligg tradisjonelle nynorskkommunar. Bygland kommune var i 1890 ein av dei to første kommunane til å innføre nynorsk som opplæringsmål i skulen (Allkunne, 2018). I dag har 96 % av elevane i skulane i Bygland nynorsk som opplæringsmål. Åseral kommune som grensar til Evje og Hornnes i vest har også nynorsk som administrasjonsmål. Lenger sørvest ligg Audnedal og Marnardal som har språknøytralt administrasjonsmål. Lenger sør ligg Iveland og Vennesla som også er språknøytrale, men der er opplæringsmålet bokmål. Evje og Hornnes grensar i aust til Froland og Birkenes kommunar. Også desse er språknøytrale, men opplæringsmålet er bokmål. Såleis er kommunen i randsona for tradisjonelt nynorskområde, og særleg interessant for ei undersøking av haldninga til skriftspråk.

## 2.3 Evje ungdomsskule

Ungdomsskulen som samlar all ungdom frå kommunen, ligg på Evje. På Hornnes ligg Setesdal vidaregåande skule der ungdom frå heile Setesdal tek vidaregåande opplæring. Målforma i Evje og Hornnes er nøytral, og på skulen på Evje vel elevane fritt hovudmål. Det har vore tradisjon for eigne bokmåls- og nynorskklassar på Evje. Situasjonen i Evje og Hornnes med jamn fordeling mellom nynorskelevar og bokmålselevar er ikkje unik på landsbasis. Ein har fleire slike grensekommunar på Vestlandet, men på Sørlandet er dette den einaste ungdomsskulen med ei slik jamn fordeling.

Inndelinga med eigne nynorsk- og bokmålsklassar vart opplyst for nokre år sidan. Dette var fordi ein såg at inndelinga fekk uheldige ringverknader ved skulen. Rektor

fortel om korleis foreldre tok medvitne val av klasse, ikkje ut i frå om dei ønskte nynorsk eller bokmål som opplæringsmål, men kor gode dei vurderte dei ulike klassane. Bokmålsklassane var prega av høgare andel fleirpråklege elevar, tilflyttarar som av ulike grunnar kom til kommunen, og elevar som vart vurderte til ikkje å meistre norskfaget så godt. Ein opplevde at bokmålsklassane vart nedvurderte, og at dette skapte unødvendige gnisningar ved skulen.

Det verdimessige ønsket om å ha nynorsk eller bokmål som skriftspråk vart sekundært, og leiinga ved skulen såg at hovudårsakene til språkvalet var sosiodemografiske. Debatten om språksituasjonen figurerte med jamne mellomrom, og enkelte stilte spørsmål ved kvifor resultata i dei gamle nynorskklassane var betre enn i bokmålsklassane. Språkdebatten var tema i lokalavisa med meir eller mindre gode svar på kvifor det var slik. Inndelinga i nynorskkasse og bokmålsklasse vart det dermed slutt på, og i dag er det berre i norskfaget elevane er delte inn etter hovudmål. Dette kan kanskje føre til at ungdommane har eit meir bevisst forhold til språk enn ungdommar ved skular der berre eitt hovudmål er vanleg.

Leiinga ved skulen har uttalt at språksituasjonen dei har der er ein fordel for elevane, som blir godt vane med begge dei norske skriftspråka i skulekvardagen sin.

Ideologisk får dei med seg regjeringa på ein slik tankegang, som i 2013 fatta dette:

*(...) tospråksituasjonen i Noreg er ein ressurs for både samfunnet og einskildindividet. Det er ein fordel for samfunnet med innbyggjarar med stor språkkompetanse. Resultat frå seinare forsking tyder òg på at det kan vere ei føremon for den einskilde å meistre begge målformene, òg på område som ikkje har med språk å gjere.*

(Regjeringa, 2013, s. 2)

Ved å følgje dette skulle ein kunne tenke seg at elevane får eit fortrinn, samanlikna med elevar som stort sett blir eksponerte for berre eitt skriftspråk fram til dei får opplæring i sidemål. Elevane ved Evje ungdomsskule får eit medvite forhold til språk, og dette kan vere med på å påverke kva slags haldninga dei har til språk og språkbruk.

Reint praktisk er dermed skulekvardagen litt annleis for elevane ved Evje ungdomsskule enn for elevar ved ein del andre skular. I alle timar utanom norsk er elevane språkblanda. Det vil seie at elevar med bokmål som hovudmål går i same klasse som dei med nynorsk som hovudmål, og i undervisninga brukar lærarane både bokmål og nynorsk som skriftspråk. Det er berre i norsktimane at hovudmålet blir brukt konsekvent. Dei har dermed meir språkvariasjon rundt seg enn det som er vanleg andre stader, og blir jamnleg eksponert for både hovudmålet og sidemålet.

Evje ungdomsskule er ikkje åleine i sitt slag. På Vestlandet har ein industristaden Odda, der ungdomsskulen har vorte kjend for den såkalla “Odda-modellen”. Denne går ut på at nynorskelevar og bokmålselevar går i eigne klassar, slik at all undervisning foregår på hovudmålet. I Odda har dei vore opptekne av korleis ein sikrar at elevar i språkdelte område får god nok opplæring i nynorsk. På grunn av økonomi har kommunen ønska å slå saman klassar, slik at elevar som har nynorsk, går saman med elevar som har bokmål. Det har møtt stor motstand hjå dei som meiner elevane då ikkje får nok opplæring i nynorsk. Elevrådsleiaren Sigrid Walle uttalte i eit medieoppslag på Framtida.no at: ”Eg er redd for at det skal føra til at eg ikkje lærer nynorsk skikkeleg. Mange av lærarane føretrekk bokmål og eg er difor redd for å mista masse av nynorsken” (Walle, sitert i Nøttveit, 2014).

Ved Evje ungdomsskule er ikkje elevane lenger språkdelte slik dei er i Odda. Situasjonen på Evje er den som dei i Odda er redde for at skal svekke nynorskopplæringa for elevane. I neste steg tru det at det vil gjere at andelen nynorskelevar går ned. Ved Evje ungdomsskule ser leiinga annleis på saka, og held fram endringa frå inndeling i nynorskklassar og bokmålsklassar til blanda klassar som ei positiv utvikling. For elevane skal den noverande inndelinga i følgje leiinga vere mykje betre enn slik det var før med språkdelte klassar.

Det som er interessant i denne undersøkinga er korleis elevane som har nynorsk som hovudmål ved denne skulen opplever sin eigen språksituasjon. Dei kan ha ein fordel når det gjeld opplæring i dei to skriftformene, men kva slags haldningar har dei til skriftspråket sitt? Brukar dei det utanom skulen, og kjem dei til å halde fram med å

bruке det når dei held til i eit område der nynorsken er under press? Kva slags faktorar er det som er med å påverke kva slags språkval ungdommane tek?

### 3. Teoretisk tilnærming

Som nynorskbrukar kan ein bli møtt med ulike typar reaksjonar på språkbruken. Desse reaksjonane heng saman med haldningar til skriftspråket, og med haldningar til brukarane av dette. Haldningar er dermed noko ein stadig blir møtt med, men også noko ein sjølv har. Først i dette kapitlet presenterer eg samanhengen mellom språk og haldningar. Vidare gjer eg greie for nynorsk som eit markert skriftspråk, deretter om den såkalla nynorske identiteten, og til slutt språk som ein del av ein språkmarknad.

#### 3.1 Språkhaldningar

Eit viktig omgrep som er ein del av temaet er *språkhaldningar*. Innanfor ulike studiar av språkhaldningar har det vore mange innfallsvinklar. Tidlegare forsking har blant anna fokusert på haldningar til minoritetsspråk, til å lære eit nytt språk, til språkinnlæring, og til språkvariasjon og dialektbruk (Baker, 1992). Sistnemnde går mest i retning av kva dette studiet tek føre seg. For å få grep om kva språkhaldningar er, blir det naudsynt å sjå på kva som ligg i omgrepet *haldning*. Peter Garrett hevdar at haldningar er ei evaluerande orientering til eit sosialt objekt:


[...] an attitude is an evaluative orientation to a social object of some sort, whether it is a language, or a new government policy, etc. And, as a 'disposition', an attitude can be seen as having a degree of stability that allows it to be identified.

Garrett, 2010, s. 20

Han trekkjer fram at det er ein type stabilitet i haldningane, noko som gjer at dei kan bli identifiserte når ein forskar på dei. Det vil seie at det er noko fast ved haldningar som gjer at dei går an å forske på. Stabilitetsomgrepet finn ein også hos Brunstad (2007b), som hevdar at haldningar er eit stabilt sett med trusmål, kunnskap og vurderingar i høve til eit fenomen. Denne tredelinga tydeleggjer kva haldningar kan vere sett saman av, og gjev inntrykk av kva som er bakgrunnen for dei haldningane ein har. I følgje Kulbrandstad er haldningar det “at individet vurderer ett eller annet i den ytre verden mer eller mindre fordelaktig eller ufordelaktig” (Kulbrandstad, 2016, s. 248). Ein vurderer eit sosialt fenomen på ein negativ eller ein positiv måte, og dette kan vere påverka av fleire faktorar. Vurderinga av eit objekt kan skje både medvite og umedvite. Då talar ein om implisitte og eksplisitte haldningar (Kulbrandstad, 2016, s.

248). Dei implisitte haldningane kan kanskje vere dei som er vanskelegast å identifisere, i og med at aktøren ikkje sjølv er klar over at han har dei. Ein kan tenke seg at dei implisitte haldningane kan vere vel så interessante å forske på, for dei kan vere grunnlaget for andre typar reaksjonar på fenomenet enn det dei eksplisitte haldningane kan. Men dei er til gjengjeld vanskelegare å granske. Difor er det oftast eksplisitte haldningar ein kan seie noko om i ei undersøking av haldningar.

Haldningar kan seiast å vere samansett av fleire komponentar. Ein ser føre seg at dei har ein indre struktur som kan delast inn i tre. Baker (1992) deler *attitude* inn i omgropa *cognition*, *affect* og *readiness for action* (s.12). Omgropa kan oversetjast der *haldningar* står til *attitude*, og tredelinga er sett saman av ein kognisjonsdel, ein affektiv del og ein konativ del. Den kognitive komponenten handlar om tru og tankar overfor eit objekt. Den affektive handlar om dei djupare kjenslene ein har i tilknyting til fenomenet. Irrasjonelle tankar, angst og frykt kan vere ein del av denne komponenten, så vel som kjærleik og andre positive kjensler. Den konative delen er ein åtferdsmessig plan i ein spesiell kontekst eller situasjon. Ein kan stille det opp hierarkisk ved at dei tre komponentane er på lik linje grunnlaget for haldningar, som i figur 3.1:



Figur 3.1 Dei tre komponentane som utgjer haldningar (Rosenberg & Hovland, 1960)

Kognisjonkomponenten handlar om erfaring og kunnskap som ligg bak haldningane, den affektive komponenten om kjenslene, og den konative komponenten om viljemessig åtferd mot haldningsobjektet. Vurderingsreaksjonen overfor eit objekt kan

vere kognitiv ved at ein vurderer objektet som noko positivt eller negativt. Den kan vere affektiv, altså at ein har positive eller negative kjensler overfor objektet, eller den kan vere konativ ved at ein reagerer avvisande eller aksepterande mot objektet (Kulbrandstad, 2016, s. 249).

Det kan vere vanskeleg å plassere reaksjonar innanfor berre ein av kategoriane, for i ein vurderingssituasjon kan reaksjonen like gjerne vere ei blanding av desse tre. Til dømes kan ein person uttale eksplisitt at han stiller seg positiv til eit fenomen som til dømes sidemålsundervisning, samstundes som han kan oppleve negative kjensler overfor det, eller vil handle på ein negativ måte i ein situasjon der han blir møtt med fenomenet. Ein kan også kjenne på at ein i visse situasjonar handlar trass i den kunnskapen ein har, og lar kjenslene ta overhand. Det kan også på den andre sida vere at ein handlar i strid med dei kjenslene ein har, og lar seg heller styre av meir rasjonelle argument.

Haldningane ein gir uttrykk for kan også vere påverka av korleis samfunnet forventar at dei skal vere. Det kan vere problematisk at forsvarsmekanismar og sosial konformitet kjem i vegen for å avdekke dei reelle haldningane, slik Baker (1992) hevdar: “Defence mechanisms and social desirability response sets tend to come inbetween stated and more secret attitudes” (Baker, 1992, s. 13). Det er dermed desse skjulte haldningane som kan vere verre å avdekke og tolke. Det kan jo vere slik at dei formelt uttalte haldningane er dei som viser tilbake til den kognitive komponenten, medan det som er meir skjulte haldningar er dei som er del av den affektive komponenten. Men som ein såg i førre avsnitt er det ikkje vasstette skott mellom haldningskomponentane, og dei er alle delar av haldningsomgrepet.

Haldningar kan bli til på bakgrunn av blant anna ulike typar argumentasjon. Innanfor samfunnsvitskapen har ein fleire typar argumentasjonar som tener til ulike føremål. Karlsen & Kolflaath (2006) skil mellom personargumentasjon, autoritetsargumentasjon og stråmannsargumentasjon. Ved personargumentasjon blir haldningar skapt ut frå personar og ikkje nødvendigvis ut frå saka det gjeld. Haldningane til saka kan bli påverka av om ein liker personane som står for denne. Autoritetsargumentasjon går på at dei som påverkar meininger, anten har autoritet som person, eller det er ein institusjon eller organisasjon som gir meiningsa eller

haldninga tyngde. Argumentet speler på ein psykologisk effekt som overbeviser oss dersom desse personane eller institusjonane står for oss som førebilete. Eksempelvis vil ein professor ha tyngde i det han seier, sjølv om han uttalar seg på andre fagfelt enn sine eigne. Stråmannsargumentasjon blir ofte nytta i politikken, og kan kjennast att i språkdebatten ved å skape haldningar på bakgrunn av meiningar som ikkje nødvendigvis stemmer. I praksis blir dette gjort på mange måtar, til dømes ved å sette opp ein stråmann som påstått meiner noko om ei sak, for så å argumentere mot dette. Det kan gje ei ufullstendig attgjeving av argumentasjon gjennom å utelate noko, eller ein kan velje ein annan person med same standpunkt, men med svakare argumentasjon. Dei ulike typane argumentasjon kan vere med på å forklare korleis ein innanfor språkdebatten blir overbevist, eller i alle fall påverka av haldningar andre har til ei sak.

Haldningar er ikkje konstante og blir ikkje til av seg sjølve, men blir skapte i ein sosial samanheng. Dei er noko ein tileignar seg i møte med andre, og ein av måtane dette skjer på er gjennom *observatorial learning* (Garrett, 2010, s. 22). Det vil seie at ein legg merke til korleis andre oppfører seg overfor eit objekt, og kva slags konsekvensar oppførselen får. Med bakgrunn i slike prosessar meiner ein då at ein utviklar eigne haldningar til objektet, og desse haldningane blir i sin tur internaliserte. Dei blir noko me oppfattar som våre eigne oppfatningar og haldningar til eit objekt eller fenomen.

Omdal (2009) trekkjer fram korleis kunnskap om haldningsobjektet er viktig for å gjere seg opp ei meining om det. Kunnskapen kan mellom anna vere andre sine oppfatningar av, og haldningar til, objektet. Kunnskapen og kjenslene er det som dannar grunnlaget for haldningane. Ut i frå kunnskapen og kjenslene ein har overfor objektet, evaluerer ein det i positivt eller negativt. I tillegg kjem det som Omdal (2009) kallar *behavioral intentions*. Det vil seie at måten ein reagerer overfor haldningsobjektet, kan vere eit uttrykk for korleis ein ønskjer å framstå overfor omgjevnadene. Haldningane kan dermed i utgangspunktet vere bygde på eigne oppfatningar av eit objekt, men det sosiale miljøet vil påverke korleis reaksjonane blir.

Mæhlum (2008a) nyttar uttrykket *refleks* i samband med haldningar, og peikar med dette på ein automatisk reaksjon på sosiale og kulturelle strukturar i samfunnet. Ut i frå dette kan ein lese kor tett samband det er mellom haldningar og omstende utanfor individet. For å studere språkhaldningar er det difor særleg nærliggande å løfte blikket og trekke samfunnstilhøve inn i diskusjonen. Blant anna media speler ei viktig rolle når det kjem til å forme folk sine haldningar. Garrett (2010) trekkjer fram korleis media også problematiserer språkspørsmål, og er med på å forme, bygge opp under og endre haldningar. Dette kjenner ein godt til i norske medie, der språkspørsmål og språkdebatt er særskilt vanleg tematikk. Ikkje berre set dei då tema på dagsordenen, men det som blir kommunisert gjennom media, er med på å påverke kva slags haldningar folk får til eit språkleg fenomen.

Haldningane kan vere baserte på eigen kunnskap og eigne erfaringar, men dei kan også vere vidareførte frå personar ein ønskjer å identifisere seg med, eller er påverka av. I nokre forskingsprosjekt har ein også sett på korleis måten ein reagerer overfor eit haldningsobjekt, kan henge saman med medfødde disposisjonar. Tvillingstudiar i USA og Australia har vist at både sosiale faktorar og medfødde disposisjonar påverkar haldningar (Garrett, 2010, s. 22). Det vil seie at ein kanskje kan ha anlegg for å utvikle visse haldningar. Det er likevel vanleg innanfor forskinga å rekne personlege erfaringar og det sosiale miljøet som viktige faktorar som ligg bak haldningane våre.

Det sosiale objektet som haldningar rettar seg mot, kan vere både abstrakt og konkret. Haldningar kan til dømes vere retta mot ein konkret person, men dei kan også vere retta mot noko meir abstrakt, som til dømes livssyn eller språk. Dersom ein ser på samanhengen mellom språk og haldning, kan ein skilje mellom haldningar til personane som nyttar språket, og haldningar til sjølve språket og språkbruken. Garrett (2010) trekkjer fram korleis haldningar til ulike språkvarietetar kan forme tankane ein får om språkbrukaren og den sosiale gruppa han er ein del av. Haldningane kan føre til stereotypiske oppfatningar av medlemene i den sosiale gruppa som nyttar det aktuelle språket (Garrett, 2010, s. 33). Det som i utgangspunktet kan verke som haldningar knytt direkte til språket, kan også vere knytt til personar eller grupper som brukar språket. Då er det dei som er det eigentlege haldningsobjektet reaksjonane er

retta mot. Det er med andre ord ikkje nødvendigvis så lett å identifisere kva som er utgangspunktet for språkhaldningane, eller kva eller kven dei er retta mot.

Bak språkhaldningar kan ein seie at det ligg eit sett med språklege verdiar til grunn (Brunstad, 2007b). Språklege verdiar er ein del av den allmenne forståinga av språk i samfunnet. Dei språklege verdiane ligg på eit høgare abstraksjonsnivå enn språklege haldningar, og kan vere endå vanskelegare å tilnærme seg forskingsmessig. Ytringar og handlingar kan ein studere empirisk gjennom observasjon, det same får ein ikkje gjort med dei mentale fenomena verdiar og haldningar. Det er likevel slik at studien av ytringane og handlingane kan danne eit visst grunnlag for å seie noko om haldningane og verdiane som ligg bak desse. I denne oppgåva er det nettopp haldningar ein ønskjer å studere, men for å kunne seie noko om desse må ein basere kunnskapen på dei ytringane ein får gjennom undersøkinga.

Haldningar er eit samansett fenomen. Dei kan bli danna ut frå det sosiale miljøet ein er ein del av, eller ønskjer å bli identifisert med, eller dei kan ha sitt utspring frå medfødde disposisjonar. Haldningane kan vere medvitne eller umedvitne, og vere retta mot konkrete folk eller mot abstrakte fenomen, og med svært ulike og samansette reaksjonar.

### **3.2 Markert og umarkert skriftspråk**

Omgrepsparet *markert* og *umarkert* har vore viktig i sosiolinguistisk forsking. Med *markert* meiner ein eit fenomen som trekkjer til seg merksemd, og fører med seg visse assosiasjonar. Bull hevdar at: "Nynorsk er markert, mens bokmål er umarkert (...). Bokmål er nøytralt; nynorsk er det ikkje" (Bull, 2004, s. 37). I dette ligg det at bokmål av mange blir oppfatta som eit meir nøytralt, "vanleg" skriftspråk, medan nynorsk ber med seg andre karakteristikkar som gjer det meir spesielt, og med færre bruksområde. Bull (2004) eksemplifiserer dette ved at mange nynorskbrukarar opplever relativt ofte å måtte svare på kvifor dei skriv nynorsk, noko dei som skriv bokmål ikkje treng (Bull, 2004, s. 37). Det å skrive nynorsk er meir å rekne som eit verdival, medan bokmål er noko alle kan skrive viss dei ønskjer det.

Det finst mange fordommar mot nynorsk, og ein av dei er at det har færre bruksområde enn bokmål. Med dette meiner ein at det kan fungere godt innanfor

nokre domene, slik som i litteraturen, men har lite å gjere i andre domene, slik som innanfor populærkulturen eller næringslivet. Bokmål på si side opplever dei fleste at kan brukast innanfor alle samfunnsområde. Nynorsk manglar dermed ein heil samfunnspyramide, hevdar Endre Brunstad (2007a). Dei områda der nynorsk manglar plass i dag er innanfor økonomi, teknologi og populærkultur. Såleis vil kanskje mange oppleve at det nynorske skriftspråket kan kome litt til kort, sidan dei opplever at det ikkje kan nyttast over alt. Dette kan vere med på å stø opp under tanke om å skifte hovudmål i løpet av skuletida.

Brit Mæhlum (2007) presenterer oppfatninga av målformene slik, og ein del av inndelinga er omgrepssparet *markert* og *umarkert*:

Nynorsk	Bokmål
Lokalt eller regionalt	Overregionalt, geografisk nøytralt
Lokalsamfunnet	Storsamfunnet
Periferi	Sentrum
Ruralt, distriktstilknyttet	Urbant, sentralt
Markert, avstikkende	Umarkert, alminnelig
Tradisjon	Modernitet

Tabell 3.1 Oppfatninga av nynorsk og bokmål

Her blir dei to skriftspråka sett opp mot kvarandre, og stikkorda representerer i følgje Mæhlum kva som er oppfatninga av skilnadene mellom skriftspråka. Mæhlum nyttar i tillegg til omgropa *markert/umarkert* orda *avstikkande* og *alminneleg*, noko som skildrar maktforholdet mellom nynorsk og bokmål. Det seier noko om ein tendens til å reagere på det som er annleis og avstikkande, men ikkje nødvendigvis om det er nokon negativ reaksjon. Det at noko er meir markert enn noko anna vil uansett kunne ha ein påverknad på om ein vel det som er markert eller ikkje. Dersom ein ikkje ønskjer å stikke seg ut, kan det dermed bli naturleg å velje det som er mest umarkert. Korleis nynorsk og bokmål blir oppfatta av andre har dermed mykje å seie for om

brukarane vel å nytte seg av det eller ikkje. Det at nynorsk er meir markert enn bokmål kan difor ha innverknad på språkskifte frå nynorsk til bokmål hjå ungdom.

### **3.3 “Nynorsk identitet” eller nynorsk som ein del av identiteten**

Det har vore debattert om det finst nokon eigen “nynorsk identitet”. I omgrepet ligg det at ein oppfattar nynorsk som noko særeige, og ein kan sjå dette i lys av førre delkapittel om nynorsk som eit markert språk. Mæhlum (2008b) skil mellom kategoriane *det same som meg sjølv* og *det same som andre* i identitetsomgrepet (Mæhlum, 2008b, s. 106). Dette kjem til uttrykk gjennom det at ein har ein personleg identitet og ein sosial identitet. Det kan vere viktig å ha ein identitet som er “berre meg”, samstundes som det er viktig å vere ein del av eit fellesskap.

Innanfor identitetsskapinga kan ein også få bruk for omgrepsparet *konvergens* og *divergens* (Mæhlum, 2008b, s. 111). Særleg innanfor talespråksteori er omgrepa nytta for å forklare korleis me tilpassar oss samtalepartnaren ved å bli meir lik eller meir ulik. Denne tankegangen kan ein også få bruk for i undersøkingar om skriftspråk, fordi ein i det globaliserte samfunnet i dag brukar mykje skrift for å kommunisere med kvarandre. Då kan ein tenke seg at denne tilpassingsteorien kan bli aktuell for å vurdere om nokon distanserer seg frå eller ønskjer å identifisere seg med personen dei skriv med.

For å skildre ulik grad av tilknytning til skriftspråket, har Grepstad (2002) nytta ei tredeling av nynorskbrukarane (Grepstad, 2002, s. 36). Dei som har nærest forhold til skriftspråket, reknar han som *målfolk*. Det er berre desse han meiner deler ein fellesskap når det kjem til forholdet til nynorsken og det å ta vare på nynorsk skriftkultur. Dei har ein nynorsk kollektiv identitet, som ein ikkje kan rekne hos dei to andre gruppene, *nynorskbrukarane* og *nynorsksympatisørane*. Desse gruppene har eit forhold som er meir prega av ein viss distanse til skriftspråket sitt. Innanfor nynorskbrukarar skil Grepstad mellom primære og sekundære brukarar, der dei sekundære er dei som har nynorsk som sidemål.

Nynorskbruk viser til «ei handling som eksplisitt eller implisitt viser til kven du er, eller kven du vil vere» (Hjorthol, 2004, s. 58). Ut i frå dette synet tenker ein seg at nynorsk ikkje berre er eit skriftspråk ein blir nøydd til å bruke for å kommunisere i

den skriftlege verda, men at bruken av nynorsk er ei handling som gjer deg til den du er. Det er altså ei identitetshandling. Vidare kan ein kople det til forholdet til bokmålet, og dermed nynorskbruk som noko i motsetnad til dette: “Ideen om denne førestelte identiteten hentar gjerne næring i oppfatninga av å vere i opposisjon til bokmålet” (Eiksund, 2010, s. 3). Identitetsskaperinga gjeld då ikkje berre samlande om alle dei som skriv nynorsk, men også i kontrast til dei som skriv bokmål.

Eiksund (2015) hevdar at den nynorske identiteten som eit samlande sosialt identitetsmerke for alle som skriv nynorsk, er under press (s. 46). Ein av grunnane til dette kan mellom anna vere den moderne utviklinga der alle produserer sin eigen personlege identitet gjennom til dømes sosiale medie, og den auka kontakten med verda utanfor det vesle lokalsamfunnet ein lever i. Ein kan tenke seg at nynorsk språk og nynorsk identitet kjem under eit dobbelt press i dag. På den eine sida står dialektnær skrivestil med lokale særpreg, på den andre sida står den tekstverda me lever i som er sterkt prega av bokmål (Eiksund, 2015, s. 45).

Ungdommane som har nynorsk som hovudmål opplever kanskje eit slikt dobbelt press, i tillegg til at dei ved skulen har mange medelevar som har bokmål som hovudmål. Mange opplever at bokmål er eit skriftspråk “alle” forstår, medan nynorsk krev meir innsats for å lese. Mange vil kanskje dermed tilpasse språket sitt ut frå eit ønske om å nå flest mogleg. Kanskje er det heller ikkje slik at den såkalla “nynorske identiteten” er attraktiv nok for at dei unge ønskjer å bli knytt til den, slik Walton (2015) problematiserer:

*Kan det hende at samfunnet gjennom skuleverket, nynorskinstitusjonane og media produserer ein identitet for nynorskskrivande ungdom som er så lite attraktiv at halvparten av dei ved første høve vil kaste han av seg?*

Walton, 2015, s. 26

Dersom ein ser føre seg at den nynorske identiteten er noko ungdommar har eit medvite forhold til, eller i det minste kjenner til, kan dette spørsmålet vere særslig interessant å drøfte. Men det kan kanskje også vere slik at skriftspråket speler ei mindre rolle i ungdommar sine liv enn det Walton her tek utgangspunkt i. Skriftspråket er ikkje nødvendigvis ein så viktig del av identiteten til nokre

ungdommar, korkje dei med bokmål eller dei med nynorsk som hovudmål. Kanskje er det heller andre uttrykksformer som speler ei større rolle i deira liv.

Eiksund (2015) påpeikar korleis normert nynorsk lett kan kome i skuggen av alle dei andre moglege språklege identitetsuttrykka i dag. Dette kan ha innverknad på korleis ein opplever ein nynorsk identitet. Denne blir kanskje ikkje så viktig lenger for dei som vel nynorsken vekk til fordel for meir og meir skriftleg dialekt. For ungdommar i dag kan dialekten vere ein viktigare del av identitetsuttrykket enn det nynorsk er. Det er ikkje nødvendigvis nokon fordel for forholdet deira til nynorsken. “Den skriftvarianten som derimot er suverent underrepresentert i spontan og overlagd elektronisk skriving, er normalnynorsken” (Walton, 2015, s. 31). Dialektane har teke over i sosiale medie. Mange vil kanskje oppleve at dette gjer kontakten meir autentisk og personleg.

### 3.4 Språkmarknad

Språksamfunnet kan bli sett på som ein marknad der ulike varietetar har ulik verdi (Bourdieu, 1991). På den lingvistiske marknaden, eller *språkmarknaden*, blir det forhandla kva slags reaksjonar og haldningar ein blir møtt med om ein brukar dei ulike språka eller varietetane:

*Bordieu samanliknar eit språksamfunn med ein marknadslass, der ulike språkvarietetar med ein bestemt symbolsk verdi og kvalitet stadig er i omløp. Det blir stadig forhandla og reforhandla om kva for nokre «produkt» som er best eigna til ulike formål.* Mæhlum, 2008a, s. 99

Teoriane om språkmarknad er særleg brukte om talespråk, men det kan overførast til skriftspråka også, sidan dette heng uløyseleg saman. Språkmarknad kan seiast å knytast til skriftspråk i denne samanhengen ved at nynorsk og bokmål kan vere ein del av denne marknaden. Dei er i teorien jamstilte språk, men har ulike verdiar på den språklege marknadsplassen. Som “produkt” blir det også forhandla og reforhandla kva som er best eigna til ulike formål. Ein kjenner det igjen i nynorskdebatten, og som tidlegare nemnt påpeikar Brunstad (2007a) at nynorsk manglar innanfor fleire domene i samfunnet. Dette kan ein sjå i samanheng med kva slags verdi nynorsk har i desse domena. Dersom folk meiner at nynorsk til dømes ikkje er eigna innanfor

næringslivet, kan det fortelje noko om kva slags verdi nynorsk har som “produkt” i denne samanhengen. Den tidlegare nemnde skriftleggjorde dialektbruken me har i dag kan også sjåast på som ein del av den språklege marknaden, men blir enno brukt berre innanfor nokre domene til dømes i produktreklame. Kanskje vil ein i framtida kunne sjå at skriftleg dialekt som produkt på marknaden bli brukt til fleire føremål enn i dag.

Garrett (2010) trekkjer inn språkleg verdi på marknaden som ein del av bakgrunnen for haldningane til språket. Språk som har låg språkleg verdi på språkmarknaden vil i mindre grad bli brukt, noko som kan føre til negative haldningar til det aktuelle språket (Garrett 2010, s. 23). Dei negative haldningane til språket kan også vere ein del av *grunnen* til at det blir mindre brukt, så her kan ein sjå føre seg ein negativ spiraleffekt. Det er med andre ord grunn til å sjå føre seg ein tett samanheng mellom språket sin verdi på språkmarknaden og haldningane til språket.

Språkmarknadsmodellen frå Berge og Skog (1998, s. 49), kan vere interessant å nytte i samband med kor og korleis ungdommane oppfattar at dei brukar nynorsk:

<b>Språkmarked</b>	<b>Bokmål</b>	<b>Nynorsk</b>
Anvendelse	Majoritetsspråk Høy bruksfrekvens Offisielt språk Byspråk	Minoritetsspråk Lav bruksfrekvens Bygdespråk Dialekt
Domene	Generell anvendelse	Poesi, litteratur
Status	Umarkert «Normalt»	Markert Avvikende
Symbolfunksjon	Symbolsk dominans Legitim kultur	Motkultur Folklore
Mekanismer for opprettholdelse av språket	«Storsamfunnets språksosialisering»	Regionalisme Bygdepatriotisme Individualisme

Tabell 3.2 Språkmarknad (Berge og Skog, 1998)

Her ser ein korleis bokmål blir oppfatta som eit språk med eit generelt bruksområde, medan nynorsk er meir (eller kun) passande innanfor poesi og litteratur. Nynorsk kan såleis seiast å ha lågare verdi på den lingvistiske marknaden utanfor desse domena. Det vil då vere ei oppfatning om at nynorsk ikkje passar til bruk innanfor til dømes næringslivet eller populærkulturen, og at nynorsk har låg språkleg verdi her. Dette vil naturleg nok henge saman med haldningane språkbrukarane har til nynorsk, og vere

med å påverke kor sannsynleg det er at dei held fram med å bruke nynorsk. Dersom det er mange domene der språkbrukarane opplever at ein ikkje kan nytte nynorsk, vil dei også oppleve at nynorsk har lågare verdi enn bokmål.

## **4. Metode**

Når ein vel ein metode for ei undersøking, er grunngjevinga for valet at metoden vil vere med på å kaste lys over temaet på ein fagleg interessant måte (Dalland, 2012, s. 111). I det følgjande vil eg presentere metoden eg valte å bruke for å undersøke haldningar til nynorsk som hovudmål i randsona for nynorsken. For å gjere dette greier eg ut om kvantitativ metode, presenterer utvalet, og gjer greie for utforminga og gjennomføring av spørjeundersøkinga. Til slutt rettar eg eit kritisk blikk på metoden og det metodiske opplegget.

### **4.1 Kvantitativ metode**

Metoden ein nyttar i forskingsarbeidet skal få fram kunnskap eller etterprøve framsette påstandar med krav om å vere sanne, gyldige eller godt underbygde (Dalland, 2012). Ut i frå denne tankegangen har eg valt kvantitativ metode i denne avhandlinga. Kvantitativ metode passar når ein ønskjer svar frå ei større gruppe. Då høver det godt å nytte spørjeundersøking for å få svar frå ei mengd informantar i den aktuelle målgruppa. Svara frå spørjeundersøkinga kan ideelt sett teljast opp og systematiserast, men ei slik undersøking gjev også høve til å stille opne spørsmål som kan tolkast for seg. For å få eit oversyn over kva slags haldningar ungdommane har til nynorsk, valte eg å gjennomføre ei slik kvantitativ spørjeundersøking. Studien av ytringar og handlingar kan danne eit visst grunnlag for å seie noko om haldningane og verdiane som ligg bak desse. I denne oppgåva er det nettopp dei haldningane som ligg bak ein ynskjer å studere. For å kunne seie noko om desse må ein basere seg på dei ytringane ein får gjennom den kvantitative undersøkinga.

#### **4.1.1 Reliabilitet og validitet**

Kvantitativ metode er vanleg innanfor sosiolingvistikken for å få ei oversikt over språksituasjonen innanfor ei sosial gruppe. Dersom ein gjennomfører metoden på ein tilfredsstillande måte, har innsamla data høg reliabilitet. Då krev det at undersøkinga blir gjort på ein nøyaktig måte, og at innsamlinga og omarbeidinga er gjort på ein ryddig og påliteleg måte. For å vurdere reliabiliteten, kan ein mellom anna sjekke om ein finn samsvar innanfor undersøkinga der det skal vere samsvar. Validitet handlar om kor relevante dataa er som representative framstillingar av eit fenomen (Dalland, 2012). Utvalet av respondentar kan seiast å vere representativt for ei større gruppe

dersom utvalet har ytre validitet. Dette betyr i sin tur at resultata kan brukast til å generalisere. Då vil ein kunne rekne med at resultata gjeld for ei større gruppe enn det som er undersøkt. Men det er viktig på generell basis å vere påpasseleg når ein handsamar innsamla data, og ikkje trekke slutningar ein ikkje har grunnlag for.

Det empiriske grunnlaget i undersøkinga er basert på ytringar og handlingar ein kan observere. Det er desse som gjev bakgrunn for å kunne seie noko om haldningane som ligg bak. Haldningar er ikkje direkte tilgjengelege, men “må studeres slik de kommer til uttrykk gjennom verbale ytringer” (Kulbrandstad, 2015, s. 251). I denne samanhengen er det primært ytringar som er grunnlag for undersøking, men handlingar spelar ei viss rolle når ein i nokre av spørsmåla ber ungdommane gjere nokre språklege val. Dei verbale ytringane gjev oss tilgang på haldningar ungdommane har, og er hovudkjelda til informasjon i denne undersøkinga. Metoden vart gjennomført gjennom ei omfattande spørjeundersøking i to ungdomsskuleklassar. Nokre av spørsmåla i undersøkinga er utforma med tanke på å kunne samanlikne dei med andre undersøkingar av same type. Spørsmåla gjev svar som høver inn i litt ulike kategoriar, og desse blir presenterte og handsama i kapitla om funn og drøfting.

Undersøkinga tok form av eit semistrukturert spørjeskjema. Sjølv om metoden dermed i utgangspunktet er kvantitativ i tydinga at ein får svar frå ei mengd respondentar, og at ein kan telje opp, systematisere og samanlikne ein del av svara, er det stilt fleire opne spørsmål som eg analyserer kvalitativt. Desse spørsmåla gjev rom for at informantane sjølve formulerer svar. Dette kan gje informasjon ein ikkje får gjennom å krysse av for førehandsutfylte svar i eit skjema. Svara på dei opne spørsmåla kan ikkje generaliserast på same måte som ein gjerne har høve til ved avkryssningsspørsmål med førehandsdefinerte svar. Ein kan likevel dele inn dei opne svara i kategoriar i ettertid. Ofte kan svara vere ulike, men innanfor eit avgrensa tal på kategoriar. Samansetninga av både opne spørsmål og avkryssningsspørsmål kan gjere undersøkinga litt meir krevjande for respondentane, men på same tid også meir interessant. Ein får på denne måten meir djuptgåande svar, og ein kan innhente informasjon som ikkje avkryssningsspørsmåla klarer å avdekke. Dersom svara i dei to typane spørsmål samsvarer, kan ein også rekne at data har høgare reliabilitet.

## 4.2 Utval og gjennomføring

I denne oppgåva er fokuset på haldningar til nynorsk som hovudmål i randsonene. Dette avgrensar kva slags informantar ein kan bruke, men det gjev også grunnlag for nokre interessante val. Ei anna tilnærming enn den valte, kunne ha vore å samanlikne fleire grensekommunar for å finne ut meir om tendensar for nynorsk-haldningar i randsonene. Det ville ha vore ein annan type prosjekt, og kanskje noko som kan vere interessant å gjere i framtida. I så fall vil denne undersøkinga kunne kome til å tene som eit døme. Resultata kan vere samanlikningsgrunnlag for undersøkingar i randsonene andre stader. Vinklinga i denne samanhengen vart eit djupare fokus på berre éin skule som ligg i randsona for nynorsken, og kva som kjenneteiknar ungdommane sine haldningar til nynorsk her. Ein fekk dermed høve til å gå djupare til verks i spørjeundersøkinga, og gjennomføre denne på færre elevar enn dersom ein hadde tatt utgangspunkt i fleire skular. Dersom fleire skular hadde vore involverte, måtte ein kanskje ha laga ei mindre omfattande undersøking, slik at datamengda ikkje vart for stor. Då ville undersøkinga hatt eit endå tydelegare kvantitativt preg enn det denne undersøkinga fekk.

Ungdommane som vart valde som informantar går ved ein ungdomsskule som ligg i det ein kan kalle randsona for nynorsken. Dei er dermed valide for å kunne svare på problemstillinga. Med både nynorskkommunar, nøytrale kommunar og bokmållskommunar i nærleiken, ligg kommunen midt i eit språkleg skilje. Evje og Hornnes kommune er språknøytral, men det skriftspråklege samfunnet er prega av mykje bokmål både i privat og offentleg sektor. Det er likevel mange nynorskelevar ved ungdomsskulen på Evje, og andelen nynorsk- og bokmålselevar ligg på omlag 50/50. Området er såleis svært interessant for å kunne svare på problemstillinga.

Aldersgruppa som er valt til å delta i spørjeundersøkinga, vart gjort med det utgangspunktet at elevar i starten av ungdomsskulen kan ha gjort seg opp nokre meininger om skriftspråket sitt, og ha tankar om korleis dei brukar det i det daglege. Hadde ein valt noko særleg yngre informantar, er det ikkje sikkert at ein kunne vente at dei har så medvite forhold til nynorsk. Dei skriv også mindre både med tanke på mengd tekst i skulen, men også fordi til dømes sosiale medie har aldersgrenser som ligg rundt ungdomsskulealder. Det er likevel ein fordel i denne samanhengen å

undersøke haldningane på eit tidleg stadie, for å sjå kor medvitne dei er på dette tidspunktet i skulegangen. Nokre av dei teoretiske omgropa måtte omsetjast til noko målbart. Difor blei omgropa operasjonalisert. Det vil seie at ein gjer omgrep som *haldning* og *identitet* om til konkrete og meir lettfattelege spørsmål som informantane forstår og kan svare på (Ringdal, 2007).

Denne aldersgruppa er interessant nettopp fordi det er i denne tidsperioden ein ser at mange skiftar hovudmål (Utdanningsdirektoratet 2014, s. 26). Mange vel å skifte frå nynorsk til bokmål i overgangen til vidaregåande skule, så det var viktig for denne undersøkinga å få tak i ungdommar som enno ikkje står rett overfor det valet, men som snart kjem i ein situasjon der hovudmål definitivt er eit tema. Ein fordel med at dei er tidleg i tenåra, kan også vere at dei enno er i utviklingsfasen av sin eigen identitet. Dei er også i ein fase der personlege meininger og haldningar til språk blir danna.

For å kunne gjennomføre undersøkinga på ein tilfredsstillande måte er ein avhengig av eit godt samarbeid med skulen der undersøkinga skal gjennomførast.

Avdelingsleiar ved ungdomsskulen på Evje stilte seg positiv til undersøkinga, og vidareformidla kontakt med norsklærar ved to trinn på skulen. Før gjennomføringa sendte eg ut brev til 40 elevar og deira føresette på to trinn. Der forklarte eg om undersøkinga eg ville gjennomføre, fortalte litt om føremålet med undersøkinga og kva slags anonymitet dei har krav på som informantar. Elevane vart informerte om at dei når som helst kunne trekke seg frå undersøkinga, og at dei fekk vere heilt anonyme. Det vart også forklart at dersom dei ikkje ønskte å svare på nokre av spørsmåla, var det berre å la vere og gå vidare til neste.

Læraren fekk avgjere tidspunkt for undersøkinga sjølv. Sidan elevane berre er delte etter målform i norsktimane, valde ho dermed desse timane der dei to klassane var delte i nynorskelevar og bokmålselevar. På denne måten sat heile klassen med undersøkinga samstundes, noko som var mest føremålstenleg. Det var i alt 38 av elevane som sa seg villige å delta. Dei var alle til stades då undersøkinga vart gjennomført nokre veker seinare.

### 4.3 Spørjeundersøking

For å finne ut noko om haldningane til skriftspråket, gjennomførte eg ei spørjeundersøking blant nynorskelevane på to trinn på ungdomsskulen. Spørsmåla i undersøkinga er laga ut i frå eit mål om å kunne svare på problemstillinga. Såleis må det vere ein direkte samanheng mellom spørsmåla i undersøkinga og emnet som blir tematisert. Spørsmåla er i hovudsak delte inn i fire kategoriar: Heimstad og skule, forholdet til nynorsk, praktisk bruk av nynorsk, bokmål og dialekt, og tankar om framtida som nynorskbrukarar. Ut i frå resultata av undersøkinga, vil ein kunne seie noko om korleis dei unge i denne aldersgruppa opplever nynorsk som skriftspråk, og kva slags haldningar dei har til tema knytt til nynorsk, bokmål og dialekt. Ein er ute etter å finne ut av korleis desse ungdommane opplever språksituasjonen. Resultata frå undersøkinga kan få fram ulike mekanismar som er med på å styre språkvala til dei unge.

For å utforme spørsmåla til spørjeundersøking hentar ein gjerne utgangspunkt frå tidlegare undersøkingar. Dette kan vere interessant for å ha noko å samanlikne resultata med. På spørsmål om kvifor elevane vil halde fram med å bruke nynorsk, såg eg på resultata av eit ope spørsmål i ei undersøking om språkskifte blant elevar på vidaregåande i Valdres og Sogn og Fjordane (Kvåle Garthus, Todal og Øzerk, 2010). Resultata av spørsmålet om kvifor dei vel å halde fram med å skrive nynorsk er delte inn i kategoriar som eg fann svært interessante for målgruppa mi. Eg ønskete ikkje å bruke svaralternativet *Vane*, men presiserte dette ved å skrive *Har ingen grunn til å skifte til bokmål*. Elevar på vidaregåande har kanskje eit forhold til omgrepet *Identitet*, men i starten av ungdomsskulen ser eg det som ein fordel å styre unna abstrakte omgrep, så her valde eg å gå for alternativet *Nynorsk er “mest meg”* for å illustrere identitetomgrepet. Det vart også naturleg å skrive *Dei fleste rundt meg bruker nynorsk*, istaden for å bruke ordet *alle*, sidan det ved skulen både er mange som skriv nynorsk og mange som skriv bokmål.

Sjølv om det kan vere nyttig å sjå på tidlegare undersøkingar, er det viktig å rette spørsmåla inn på den særeigne situasjonen der undersøkinga foregår. Berre slik kan ein få fram korleis situasjonen er her, og kva slags utfordringar som kan vere vanlege på nettopp denne staden. Nokre av spørsmåla ungdommane fekk dreier seg om

tilknytinga til kommunen og tankar om framtida der. Målet er å få eit bilet av kven desse ungdommane er, og kvifor dei måtte meine det dei gjer. Det er rimeleg å tru at ein ville kunne sjå nokre samanhengar mellom bakgrunnen deira, og haldningane dei har til språket. Grunnen til å starte undersøkinga med desse spørsmåla, er også å varme opp informantane med spørsmål der dei opplever at det ikkje er noko “rett” svar.

Spørjeskjemaet eg gjennomførte inneholdt 41 spørsmål om nynorsk som hovudmål på ungdomsskulen. Det vart eit omfattande spørjeskjema, men føremålet med dette var å få grunnlag nok til å bruke den kvalitatativt. Sidan undersøkinga berre gjeld éin skule, ville eg få ut mest mogleg informasjon frå informantane. Mange av spørsmåla var utforma som enkle “kryss av”-spørsmål, men ein del av spørsmåla var opne. Dette gjorde undersøkinga til ei krevjande øving for ungdommane, men av det ein kan sjå på avkryssinga og dei eigenformulerte svara, har elevane gjennomført dette tilfredsstillande. Det er berre ein elev som har late vere å svare på tre spørsmål i undersøkinga. Alle opne spørsmål er svara på. Den høge svarprosenten gjer at data som blir henta ut frå undersøkinga har høgare validitet enn om mange av spørsmåla berre hadde blitt svart på av nokre av informantane.

Temaat som vart dekte i undersøkinga var heimstad og skule, forholdet til nynorsk, praktisk bruk av nynorsk, bokmål og dialekt, og tankar om framtida som nynorskbrukarar. Spørsmåla vart ikkje delte inn i desse kategoriane på skjemaet elevane fekk utdelt av di eg vurderte det som allereie nok informasjon for dei å handsame på ein gong. For nokre kunne ei slik inndeling ha vore ein fordel for å forstå kvifor spørsmåla vart stilte, men det vart mest tungtvegande at undersøkinga skulle vere lett å forstå og grei å gjennomføre for alle.

#### **4.4 Metodekritikk**

Det er viktig å understreke at alle metodar har sine svake sider. Kva metode ein vel å bruke er avhengig av kva ein ønskjer å finne ut. Metoden kan vere med på både å avgrense og hjelpe undersøkinga. Metodekritikken er ikkje meint for å plukke sund undersøkinga og gjere all data ugyldig. Den er derimot viktig for å kunne rette eit kritisk ljós mot sjølve undersøkinga, gjennomføringa av denne og til slutt tolkinga av

data. Dette fordi ein då ikkje skal kome til å trekke slutningar ein ikkje har grunnlag for. Då vil konklusjonane ein gjer avslutningsvis vere meir pålitelege.

#### 4.4.1 Utforming

Eit medvite val i utforminga av spørjeskjemaet var å utelate kjønn som ein variabel. Bakgrunnen for dette er at det fort kan ta stor plass i ein analyse å legge for mykje vekt på at “jenter svarar slik” og “gutar svarar slik”. Med ei utvikling som stadig utjamnar skilnadane mellom kjønna, såg eg det ikkje som veldig viktig å oppretthalde denne skilnaden i tilknyting til undersøking om nynorsk. Innanfor forsking på talemål er det mange undersøkingar som har trekt fram skilnad på kva variantar gutar og jenter brukar, og korleis dei blir påverka av andre eller endrar på talemålet sitt av andre grunnar. Det kan sjølv sagt føre med seg nytig kunnskap, men eg meiner ein ikkje må sjå seg blind på inndeling i kjønn.

Skjekkeland trekk fram korleis kjønnsskilja innanfor språkbruk har endra seg: “Nyare granskinger fortel (...) at skilnaden i språkbruk mellom kjønna er i ferd med å bli borte” (Skjekkeland, 2012, s. 64). Det vart difor ein naturleg tanke å sjå bort frå tradisjonell inndeling i kjønn. Dei tradisjonelle kjønnsrollemönstra har endra seg mykje dei siste femti åra. Menn og kvinner har i Noreg i dag stort sett like moglegheiter til å ta seg utdanning og jobbe med det dei vil, og har den same sosiale statusen i samfunnet. Såleis er liva dei lever likare på tvers av kjønna, og den språklege praksisen følgjer etter. Folk kan leve svært ulike liv i Noreg også i dag, men skilnadane kjem ikkje nødvendigvis lenger av kjønn, men av geografi, økonomi, sosiale tilhøve og andre faktorar.

Garrett (2010) stiller spørsmål ved kor mykje informasjon ein kan hente ut ved å stille hypotetiske spørsmål. I undersøkinga har eg nokre oppgåver der informantane må svare på kva dei “ville skrive”. Elevane fekk ein tenkt situasjon der dei måtte skrive ei melding til ein venn. Føremålet var naturleg nok å avdekke kva slags skriftspråk dei nyttar. Men det er eit døme på eit hypotetisk spørsmål som kan ha nokre veikskapar. Informanten kan svare heilt annleis enn han faktisk ville ha gjort dersom meldinga skulle sendast på mobilen til kompisen. Situasjonen er konstruert av meg, og informanten veit godt at han er med i ei undersøking om skriftspråk. Likevel er det interessant å få informanten til å prøve å formulere meldinga slik han ville ha gjort i

den gjevne samanhengen. Spørsmålet bør med andre ord ikkje tolkast i hel åleine. Ein bør sjå det i samanheng med resten av undersøkinga og svara som blir gjevne. Dette gjev også grunnlag for å hevde at data har høg reliabilitet dersom ein kan sjå samsvar innan undersøkinga. Ei anna fallgruve i spørsmålsstillinga om språkhaldningar, er i følgje Garrett (2010) å stille særleg ladde spørsmål. Ein står i fare for å føre respondenten i den retninga ein ønskjer at han skal gå, i staden for å la han gå den vegen som fell mest naturleg.

Ulempene ved å velje ei kvantitiv undersøking som spørjeundersøking, er blant anna at spørsmåla som regel ikkje gir djuptgåande svar. Ofte vel ein å legge inn svaralternativ som informanten kan krysse av, men ein kan også ha opne felt der det er råd å skrive svaret sjølv. Då vil ein kunne få eit svar som passar akkurat med det informanten meiner. Ved avkryssing vil ein kunne erfare at svaralternativa berre *nesten* passar, og at informasjonen dermed ikkje er helt korrekt. Ein vil ikkje kunne stille oppklarande spørsmål, eller kunne gå djupare inn i eit emne informanten har mykje å seie om. Samstundes vil ein kunne få fram ein tendens når samlar inn svar på spørsmål der ein til dømes har fem svaralternativ. Det er enkelt å telje opp, og spørsmåla kan samanliknast med ein skuleklasse ein annan stad. Dei er enkelt målbare.

Ei ulempe med denne undersøkinga er kor omfattande ho vart. For å kunne gje eit grundig inntrykk av korleis ungdommane oppfattar nynorsk og sin eigen språkkvardag, vart det laga 41 spørsmål. Fleire av desse er ganske detaljerte. Med ei samansetning av opne og lukka spørsmål krev undersøkinga mykje av respondentane. Ein kan risikere at ikkje alle spørsmåla blir oppfatta korrekt, og at undersøkingssituasjonen blir så krevande at informantane hoppar vidare i undersøkinga så fort som råd er for å bli ferdige. Ved å sjå på kor detaljerte svar dei faktisk gav på dei opne spørsmåla, kan ein vurdere om dette er nok bevis på at dei likevel har makta å bearbeide informasjonen. Dei lukka spørsmåla er vanskelegare å vurdere. Der kan ein risikere at informantane berre har kryssa av utan at ein veit sikkert at dei verkeleg har forstått spørsmålet som vart stilt. Men dette er ein av risikoane med ei slik undersøking. Ein må rekne med ein viss feilmargin.

#### **4.4.2 Gjennomføring**

Undersøkinga vart gjennomført på 38 av dei 40 elevane som går i dei to klassetrinna. Læraren tok ansvar for å dele ut og samle inn undersøkinga, og eventuelt svare på spørsmål knytta til undersøkinga. Elevane vart gjevne ein skuletime til å gjennomføre undersøkinga. Dei fekk også tilbod om ekstra tid dersom dei ikkje vart ferdige. Alle spørsmåla bortsett frå tre spørsmål midt i undersøkinga hjå ein elev er svara på. Ulempa med å ikkje vere til stades under gjennomføringa er at ein ikkje kan få svara på praktiske spørsmål knytt til undersøkinga. Samstundes kan nærveret gjere at ungdommane kjenner på eit behov for å svare slik som er forventa av den som undersøker. Ved å gjennomføre undersøkinga på denne måten vart det større distanse mellom informantane og den som skal undersøke og tolke data. Kanskje kan ein på den måten få meir ærlege svar.

Noko som kan vere vanskeleg å unngå i ei slik undersøking er utfordringa med at informanten oppgir haldningar han trur er ‘sosialt aksepterte’. Dersom nokon har negative haldningar overfor noko eller nokon, kan det hende dei ikkje ønsker å avsløre dette for forskaren (Garrett, 2010, s. 44). Då er det nærliggande for informanten å tenke at det er meir komfortabelt å oppgi det svaret som samfunnet forventar. Dette kan vere problematisk med undersøkingar generelt. Eit av tiltaka for å unngå dette er at undersøkinga blir gjennomført anonymt, og respondentane skal kjenne seg trygge på at det dei oppgir ikkje kan sporast tilbake til dei. Det er også ein styrke med tanke på denne utfordringa at dei svarer skriftleg, og ikkje munnleg direkte til den som forskar. Dei har ikkje ein relasjon til den som skal sjå på og tolke resultata. Det kan vere med på gjere svara meir ærlege. Samstundes kan det verke motsett, elevane kan tenke at dei ikkje står til ansvar for den som undersøker, og at dei ikkje risikerer noko spesielt ved å sabotere undersøkinga. Dette kjenneteiknar dei fleste metodar, ein finn ingen metodar utan både sterke og svake sider.

#### **4.4.3 Tolking**

Når ein tel opp resultata og set dei inn i skjema, vil ein kunne få tal på ulike fenomen innanfor haldningar til skriftspråket. Samstundes kan ein sjå på kvart einskilt skjema for å sjå samanhengar mellom dei ulike svara. Dette er eit tidkrevjande arbeid, men er samstundes det som gjer denne undersøkinga interessant.

Ein fare ved alle undersøkingar er feilrapportering. “Often people are not willing to tell what their real attitudes are, and therefore the results of some language-attitude research may not be complete and satisfactory” (Garrett, 2010, s. 87). Kanskje vil elevane som har nynorsk som hovudmål presentere ei positiv haldning overfor skriftspråket i ei slik undersøking, samstundes som dei kanskje tenker at med tida vil dei skifte hovudmål fordi det av ulike grunnar passar dei betre. Kanskje svarar dei slik dei trur er rett å svare på slike undersøkingar, eller slik føresette, medelevar, lærarar eller andre forventar at dei skal svare. Det kan også vere at dei svarar slik dei alltid har svara om eit slikt emne før, mens dei i realiteten kan ha endra synspunkt med tida.

Det er ein veikskap ved slike direkte undersøkingar at ein får svar på deira rapporterte haldningar, men ikkje nødvendigvis kva dei eigentleg tenker om skriftspråket:

*The main difference between the indirect measures of language attitudes and the direct measures is that in the indirect approach the subjects are not aware of the purpose of the measurement and are therefore not trying to give self-positive and socially acceptable answers.* Garrett, 2010, s. 88

I denne samanhengen er ungdommane heilt klar over at dei er med på ei undersøking om nynorsk i skulen, og vil kanskje svare på ein måte som kan setje dei sjølve i eit betre lys, eller svare det dei tenker er mest sosialt akseptabelt. Dei veit naturleg nok ikkje heile føremålet med undersøkinga, men kjenner til kva som blir undersøkt, og kan ha nokre tankar om kva som blir forventa av dei. Sjølv om ei slik direkte undersøking dermed kan ha nokre svake punkt, betyr det ikkje at informasjonen er ugyldig eller unyttig. Garrett (2010) legg til grunn at både indirekte og direkte undersøking av haldningar kan gje verdifulle svar, men resultata er nyttige i ulike delar av analysen av haldningar.

Innanfor haldningar skil ein mellom dei kognitive, affektive og konative komponentane. Når det gjeld å undersøke haldningar, hevdar Baker (1992) at ein kan kome til å berre få tilgang på overflatiske vurderingar: “In attitude measurement, formal statements are made reflecting the cognitive component of attitudes. These may only reflect surface evaluations” (Baker, 1992, s. 12). Svara vil kunne vere av

den kognitive komponenten, at ein til dømes uttalar seg positivt om eit språkleg objekt, samstundes som ein har negative kjensler overfor det same objektet.

Det er ikkje alltid at den kognitive og den affektive komponenten harmonerer. Svara kan også vere påverka av korleis samfunnet forventar at svara skal vere, og respondenten utviklar då ein forsvarsmekanisme (Baker, 1992, s. 13). Mekanismane gjer at det som blir uttalt ikkje nødvendigvis representerer dei meir skjulte haldningane. Det vil vere ein viss avstand mellom det som blir uttalt, og korleis haldningane til eit objekt eigentleg er. Det er innanfor denne avstanden at forsvarsmekanismane slår inn dersom ein tenker at svara *burde* vere annleis enn dei faktisk er. Dette gjev bakgrunn for at ein må vere veldig varsam når ein tolkar data i ettertid. Det er rom for at informantane gjev svar som berre avdekkar ein av komponentane som utgjer haldningar overfor objektet.

Ein kan risikere at svara på spørsmåla er svar som informanten trur at den som undersøker vil ha. Spørsmåla kan også bli tolka annleis enn det som var meiningsa, og svara blir difor ikkje heilt korrekte. Eit døme på spørsmål som ikkje nødvendigvis fungerte heilt som fyrst planlagt er då informantane skulle svare på om dei har tenkt på å skifte hovudmål. Veldig få svarte at dei har tenkt på dette, men mange svarte at dei synest bokmål er lettare. Det eine utelukkar sjølvsagt ikkje det andre, men det er naturleg å tenkje at tankane om språkskifte har vore der. Særleg sidan debatten om nynorsk og bokmål sjeldan ligg heilt død. Mistanken ligg på at i spørsmål 20 “Har du tenkt på å skifte hovudmål frå nynorsk til bokmål?” er det mange som ikkje har lese “på” og dermed er spørsmålet om dei faktisk vil skifte hovudmål nå. Dette er det naturleg nok ikkje mange som har, sidan det ikkje er særleg vanleg å skifte hovudmål midt i året eller midt på ungdomsskulen, men heller i overgang mellom barneskule og ungdomsskule eller mellom ungdomsskulen og vidaregåande opplæring.

Eg har nytta kvantitativ innsamling i spørjeundersøking, og gjennomfører ein kvantitativ analyse av resultata. Men analysen får også preg av å vere av kvalitativ art når det kjem til analysen av dei opne svara i spørjeundersøkinga. Desse treng ei litt anna handsaming og kommentering enn dei lukka spørsmåla som kan systematiserast og teljast opp.

Resultata av undersøkinga dannar ikkje nok grunnlag for å seie noko om korleis alle ungdommane i området tenker, heller ikkje om den generelle språkstoda i kommunen, eller korleis språksituasjonen i området kjem til å sjå ut i framtida. Det er likevel rimeleg å vente at studien kan vere eit døme på språkhaldningstendensar i området. Skulle nokon ynskje å undersøke språkstoda i andre kommunar som ligg i nynorskens randsoner, eller kanskje samanlikne desse kommunane for å finne ut av korleis utviklinga generelt sett kan vere slike stader, kan resultata frå denne oppgåva vere av interesse.

## **5. Kva slags haldningar har ungdommane til nynorsk?**

I det følgjande vil eg presentere dei mest interessante funna i undersøkinga. I forsøket på å gje ei ryddig framstilling deler eg resultata inn i tre hovudkategoriar. Den fyrste kategorien er resultat som har med deira forhold til nynorsk å gjere. I den andre kategorien presenterer eg resultat som fortel om deira praktiske bruk av nynorsk. I den tredje delen ser eg på korleis dei ser på framtida som nynorskbrukarar.


Inndelinga kan vere fornuftig for å få ei viss systematisering av stoffet, men også for å nytte kategoriene som tre ulike perspektiv på nynorskbrukarane. Eit perspektiv som undersøker indre oppfatningar, i den grad det let seg gjere. Eit anna perspektiv som gir eit inntrykk av korleis kvardagen som nynorskbrukar er. Eit tredje perspektiv som fortel noko om korleis framtida ser ut for nynorsken blant ungdommane. Alle tre perspektiva kan vere fruktbare for å seie noko om haldningar ungdommane har til nynorsk. Ein må likevel merke seg at fleire av funna godt kan høve innanfor meir enn ein av kategoriene. Dette er naturleg sidan ein ikkje har undersøkt heilt ulike tema, men ulike delar av ei problemstilling.

### **5.1. Funn**

For å granske haldningar ungdommane har til nynorsk, fekk ungdommane ei rekke spørsmål. Funna viser både positive, negative og meir nøytrale oppfatningar av nynorsk. Eg skil mellom dei to ulike skuleklassane der dette er interessant å sjå på, men for dei aller fleste spørsmåla er det heilskapen som er viktig. Dette fordi ein då får eit større talgrunnlag å basere slutningar på, men også fordi tala i dei to klassane er relativt like på mange spørsmål. Underkapitla *forholdet til nynorsk, praktisk bruk av nynorsk, bokmål og dialekt, og framtida som nynorskbrukarar* representerer dei ulike delane av undersøkinga. Sidan spørsmåla om heimstad og skule ikkje var noko hovudemne i undersøkinga, men heller eit forsøk på å danne ei forståing av bakgrunnen deira, blir resultata frå denne delen presenterte i samband med dei andre deltemaa.


### 5.1.1 Forholdet til nynorsk

I ei av spørsmåla fekk ungdommane velje 1-3 ord som skildrar kva dei tenkjer når dei høyrer ordet “nynorsk”. For å avgrense talet på ulike variantar, og for å gjere det enkelt å svare på, var alternativa lagt inn på førehand. I Figur 5.1 ser ein tydeleg kva slags ord som merker seg ut:



Figur 5.1 Ord elevane tenkjer om “nynorsk”

Ein ser klart at mange av ungdommane meiner nynorsk er *gammaldags*. Ein del svarer også at det er *kjedeleg*, *fint* og eit *bygdespråk*. Ein kan rekne kjedeleg og gammaldags som negative assosiasjonar, fint som positivt og bygdespråk som ei meir nøytral oppfatning av språket. Elevane fekk også krysse av for kva for nokre ord dei tenkjer på når dei høyrer ordet “bokmål”. Ein ser tydeleg i Figur 5.2 at svara skiljer seg ut frå førre spørsmål:



Figur 5.2 Ord elevane tenkjer om “bokmål”

Oppfatningane av bokmål er veldig annleis enn oppfatningane av nynorsk. Det er eit *byspråk*, meiner dei. Det er også *enkelt*, *vanleg* og *naturleg*. Det er verd å merke seg at dei rådande haldningane er i stor grad nøytrale til bokmål. Ein ser likevel at nokre opplever bokmål negativt som *kjedeleg* og *stygt*, og nokre som opplever det positivt og tenker at det er *fint* og *elegant*.

På det opne spørsmålet “Korleis reagerer du om nokon skriv nynorsk i sosiale medium?” kunne ungdommane sjølve skrive fritt. Svara fordele eg i negative, nøytrale og positive tilbakemeldingar. Mange svar er nøytrale, i alt 23 svar, som til dømes “Bryr meg ikkje”. Det er sju negative tilbakemeldingar. Eit av dei negative svara var: “Eg reagerer rart, fordi det er ikkje nokre i min klasse som skriv nynorsk viss ikkje dei må.” Eit anna er setninga som seier veldig mykje ved bruk av få ord, og som difor fekk vere ein del av tittelen på avhandlinga: “Nynorsk? Offamæg. Skriv dialekt!” For denne informanten verkar det uhøyrt å skrive nynorsk utanom i skulesamanheng, og det mest naturleg då er ikkje å skrive bokmål, men å skrive dialekt.


For å få eit inntrykk av kva slags forhold ungdommane har til heimstaden sin, fekk dei eit spørsmål om kva dei synest om heimkommunen, og eit opent spørsmål der dei skulle skrive kva dei liker best med å bu der. Spørsmåla vart stilt fordi det kan spele ei

rolle for kor positive dei er til den lokale dialekta og til nynorsk som er ein del av kvardagen på heimstaden. I det lukka spørsmålet svarte alle ungdommane at dei anten liker kommunen godt eller veldig godt. Det var i alt 22 av ungdommane som liker heimkommunen sin veldig godt, og 16 som liker den godt. Det er positive svar for trivselen i området, men kan også vere interessant i samband med synet på den lokale dialekten og hovudmålet deira på skulen.

Ungdommane nemnde fleire ulike ting som er bra med å bu i Evje og Hornnes. Mange av svara handlar om at det er mange idrettstilbod, og mykje å finne på i nærområdet. Mange handla om folk og det sosiale livet. For å få ei viss oversikt delte eg svara inn i fire kategoriar. Kategoriane er ikkje skilt strengt frå kvarandre sidan nokre nemner fleire ting dei likar. Nokre av argumenta er også litt vanskelege å plassere innanfor kategoriane. 13 av svara handlar først og fremst om fritidsaktivitetar og idrettstilbod, 14 handlar om det sosiale ved at det blant anna er passeleg med folk som bur der og at folk er hyggelege. Fem av svara handlar om naturen og miljøet rundt. Fire av svara fortel at det er ein sentral stad å bu med alt av butikkar ein treng. I samanheng med dette kan det vere interessant å sjå på spørsmålet om kor dei ser for seg å bu når dei blir vaksne. På spørsmålet om kor ungdommane vil busette seg, svarar 16 at dei vil bu i Evje og Hornnes kommune, noko som svarar til omlag 42 %. 7 svarar at dei vil bu på bygda ein stad, 10 svarar at dei veit ikkje, og 5 vil helst bu i ein by.


Ungdommane fekk spørsmål om trivsel på skulen. Også her er svara prega av positive tilbakemeldingar. 95 % av elevane svarar at dei enten trivest godt eller veldig godt på skulen. 5 % svarar at dei liker seg därleg, men ingen svarar at dei liker seg veldig därleg på skulen. På spørsmål om kor godt dei liker norskfaget, er resultata litt annleis. Ein ser av figur 5.3 at tala er jamnare fordelte:

## 11. Norskfaget



*Figur 5.3 Kva synest du om norskfaget?*

I Figur 5.4 er spørsmålet "Kva meiner du?" presentert. Spørsmålet omhandla om ungdommane kunne ønskt seg meir nynorsk på ulike samfunnsområde Ein ser at det er ei overvekt av svaret *nei*:




*Figur 5.4 Meir nynorsk i samfunnet?*

Det er likevel eit spørsmål der mange svarar ja, og det er at nynorskjournalistar bør få skrive nynorsk i arbeidet sitt. Over halvparten av ungdommane svarar nei på spørsmåla om fleire tv-seriar bør bli teksta på nynorsk, om fleire utanlandske bøker

bør bli omsett til nynorsk og om det bør vere meir nynorsk på internett og på andre medium.

For å granske om ungdommene er vant med å få negative kommentarar på det å skrive nynorsk, fekk dei konkret spørsmål om dette. I figur 5.5 ser ein framstillinga av spørsmål 40 om kor mange som har opplevd negative kommentarar på nynorskbruk:

Har du opplevd negative kommentarar på at du skriv nynorsk?



Figur 5.5 Negative kommentarar på nynorskskriving


Nesten 84 % har ikkje opplevd dette, medan 16,2 % rapporterer at dei har fått negative tilbakemeldingar. Det er verdt å merke seg at mange av ungdommene også kan fortelje at dei ikkje brukar nynorsk noko særleg utanom skulen. Denne informasjonen er viktig å sjå i samanheng med kor mange som har opplevd negative tilbakemeldingar. Dersom dei ikkje brukar nynorsk andre stader enn i skulen, kan dei jo heller ikkje risikere å få tilbakemeldingar på det. I figur 5.11 ser ein til dømes at det er 19 % som skriv nynorsk når dei skal skrive ei fiktiv melding til ein venn, medan resten brukar heller dialekt eller bokmål.

På oppfølgingsspørsmålet om kva som har blitt sagt negativt om at dei skriv nynorsk, er eit av svara: "Det er teit og det er kun gamle folk som skriv det." Argumentet som eleven her rapporterer at har blitt brukt, heng litt saman med kva slags syn elevane sjølve har på nynorsk. Det er gammaldags og slik som her, assosiert med gamle folk. Eit anna svar tyder på det same: "Hvorfor girde du å skrive nynorsk, det er jo så vanskelig og gammeldags." Ein ser i dette opne spørsmålet at argumenta går mykje på det same som når ungdommene skulle velje ord dei tenker på når dei høyrer ordet "nynorsk", nemleg gamaldags. Eit ord som *vanskeleg* var ikkje eit av svaralternativa

på spørsmålet til figur 5.1, men hadde det vore det så kan ein sjå føre seg at mange ville kryssa av for dette, sidan det blir brukt som eit argument i det opne spørsmålet om kva slags negative kommentarar dei har fått på nynorskbruk.

Ungdommane fekk spørsmål om sine eigne skrivekunnskapar knytt til nynorsk og bokmål. I figur 5.6 og 5.7 kan ein sjå korleis dei vurderer kunnskapane sine:

### 15. Kor godt skriv du nynorsk?



Figur 5.6 Kunnskap i nynorsk

### 16. Kor godt skriv du bokmål?




Figur 5.7 Kunnskap i bokmål

Sidan det kan vere ein samanheng mellom kunnskap i noko og haldningane til det, kan resultata frå denne sjølvrapporteringa vere interessante. Ein ser at det er fleire som rapporterer at dei skriv bokmål *veldig godt* eller *godt*, enn det er nynorsk. Omlag halvparten svarar at dei skriv nynorsk *heilt greit*. Ein ser skilnaden mellom målformene, men resultata viser at ungdommane vurderer seg sjølve som relativt flinke i begge målformene, noko som lovar bra for den generelle skrivedugleiken.

For å finne ut om eventuelle samanhengar mellom forholdet til dialekt og bruk av nynorsk, fekk ungdommane nokre spørsmål om deira forhold til den lokale dialekten og eigen dialektbruk. Svara viser at ungdommane har eit positivt forhold til den lokale dialekten. 25 av ungdommane, eller omlag 66 %, seier at dei liker dialekten *godt* eller *veldig godt*:

### 5. Kva synest du om den lokale dialekten?




Figur 5.8 Oppfatningar av den lokale dialekten

Ein kan sjå at det generelt er eit positivt inntrykk av dialekten. Det er også ein del som ikkje har spesielle tankar om dialekten, og stiller seg meir nøytral til sakta. Det kan tyde på at dei faktisk ikkje tenker noko over talemålet i det heile, eller at dialekten er ein så naturleg del av liva deira at dei ikkje kjenner noko behov for å vurdere den.

Over halvparten av ungdommane oppgir at dei sjølve snakkar ein blandingsdialekt. Dersom ein ser på den geografiske bakgrunnen her, kan det nok tenkast at ungdommane her ser på blandingsdialekt som ei samansetning av talemålet ved dei to stadene Evje og Hornnes. Dagens dialeksituasjon gjer det vanskeleg å skilje dialektane ved dei to stadene frå kvarandre, og ungdommane kan nok vurdere resultatet av denne språkutviklinga som ei blandingsdialekt.

Innanfor sosiolinguistikken reknar ein vanlegvis ei blandingsdialekt som ein talemålsvarietet samansett av to eller fleire varietetar som i utgangspunktet er meir ulike enn det dialektane på Evje og på Hornnes er. Men ungdommane kan ha hatt vanskar med å plassere seg på anten Evje eller Hornnes. Difor har så mange kryssa av for blandingsdialekt. Halvparten av ungdommane oppgir at dei ikkje tenker noko over det å halde på dialekten, medan nesten 32 % meiner det er viktig:

7. Viktig å halde på dialekten?




*Figur 5.9 Er det viktig for deg å halde på den lokale dialekten?*

Halvparten av ungdommane er nøytrale til det å halde på dialekten. Dei som svarte nei på spørsmålet om det er viktig å halde på dialekten kan anten tenke at dei stiller seg litt likegyldig til problemstillinga, eller dei har tenkt å legge dialekten bort dersom språket skaper problem for dei. Førstnemnte er nok mest sannsynleg, dersom ein samanliknar resultatet med svara framstilt i figur 5.8. Der såg ein at mest alle liker den lokale dialekten. Dette kan vere interessant å sjå i samanheng med praktisk bruk av nynorsk.

### 5.1.2 Praktisk bruk av nynorsk, bokmål og dialekt

Det er interessant å trekke ei linje til spørsmålet om kor nært forhold det er mellom dialekten dei talar og det nynorske skriftspråket. Dei fekk spørsmålet om dei opplever at nynorsk ligg nært opp til dialekten deira. Der viste svara at 44,7 % av ungdommane ikkje synest det:


8. Nynorsk nær dialekten din?



Figur 5.10 Forholdet mellom nynorsk og den lokale dialekten


Ein tredel av ungdommane er usikre om det er nokon nær relasjon mellom skriftspråket og dialekten. At det er over 20 % som meiner at nynorsk ligg nær dialekten, kan ein nok oppleve som litt overraskande i eit område der bokmål pregar så mykje av samfunnet. Ein skulle ut i frå dette tru at desse 20 % ser på det som veldig naturleg om nynorsk vart brukt meir lokalt.

Ungdommane fekk i oppgåve å skrive ei melding til ein venn der dei forklarte kvifor dei ikkje kunne finne på noko på fredag, på grunn av bestemor sin bursdag. Situasjonen er konstruert, men tanken bak er at ungdommane skal kunne sette seg greit inn i ei slik hending, og respondere på meldinga ganske likt som dei ville ha gjort om situasjonen var ekte. I figur 5.11 ser ein at over halvparten skriv på dialekt når dei skal skrive meldinga til vennen. Heile 27 % vel å heller skrive meldinga på bokmål, medan 18,9 % skriv på nynorsk:



Figur 5.11 Skriftspråk i meldingar til vene

På spørsmål 34, “Bruker du eit anna skriftspråk på nett, meldingar og anna du skriv på fritida enn det du gjer på skulen?” svarte heile 50 % at dei skriv mest dialekt:




Figur 5.12 Bruk av anna skriftspråk enn nynorsk

Litt over 13 % held seg til nynorsk i fritidsskrivinga også, medan 10,5 % varierer etter kven dei skriv til, og 26,3 % skriv mest bokmål på fritida. Ein ser tydeleg at det dominerande skriftspråket i dagleilivet er skriftleg dialekt.

For å granske kva slags språklege val ungdommane gjer i meldingar til vene, fekk dei fire spørsmål om kva slags konkrete ord dei nyttar. Dei fekk velje mellom ein nynorskvariant, ein bokmålsvariant og ein dialektvariant av fire vanlege ord. I tillegg kunne dei skrive inn andre variantar dersom kategoriane ikkje romma deira ord, men det var det ingen som såg behovet for. Dei fire orda dei skulle velje ein variant av var spørjeordet *kvifor*, verbet *å komme*, pronomenet *eg* og pronomenet *oss*. Av figur 5.13

ser ein at dei fleste valte å krysse av for berre dialektvariantane *kåffer/koffer/kåffor*, *kjæme/kjæm/kjeme*, *æg/æ* og *åkke/åkk/okke*:




*Figur 5.13 Informanten vel ord blant nynorsk-, bokmål- og dialektvariantar*

Nesten like mange valte ei blanding av dialektvariantane og bokmålsvariantane. Til saman har altså 26 % av informantane spor av nynorsk i språkvala sine på dei fire oppgåvene, men det er berre 8 % som kun vel nynorskvariantar.

For å kunne få eit inntrykk av den skriftspråklege bakgrunnen til ungdommane, vart dei spurt om kva slags målform deira føresette skriv. Det er kun éin elev som oppgir at dei berre brukar nynorsk som skriftspråk heime. Over halvparten svarar at dei brukar begge delar, 34 % svarar at dei brukar bokmål, og 11 % av ungdommane veit ikkje kva slags skriftspråk dei føresette brukar.


På spørsmål om praktisk bruk av nynorsk, bokmål og engelsk, ser ein tydeleg at det er nynorsk som ungdommane i minst grad liker å lese og skrive:

## Likar du å lese...



Figur 5.14 Haldningar til å lese

## Likar du å skrive...




Figur 5.15 Haldningar til å skrive

Heile 74 % av ungdommane svarar at dei i liten grad og i svært liten grad liker å lese nynorsk. Til samanlikning er talet 58 % som ikkje liker å lese bokmål, og 61 % som ikkje liker å lese engelsk. Her har nok mange av informantane tenkt at det handlar om det å lese i seg sjølv, ikkje nødvendigvis kva ein les på. Det er uansett interessant å sjå korleis lysta er større til å lese både bokmål og engelsk før dei les nynorsk. Når det gjeld å skrive nynorsk er talet 64 % på dei same alternativa. Ut i frå desse tala ser det

ut til at ungdommene liker betre å skrive nynorsk enn å lese nynorsk, noko som er uvanleg.


Grepstad presenterer også tal som viser korleis nynorskelever heller vil lese bokmål før dei les nynorsk:



(Grepstad, 2015)

*Figur 5.16 Grepstad sine tal "Liker du å lese..."*

I same publiseringa viser han tal på korleis bokmålselevar har eit mykje betre forhold til lesing på skriftspråket sitt, og at svært få liker å lese på nynorsk i det heile. I denne undersøkinga er ikkje bokmålselevane spurde i det heile. Men det er noko som kunne ha vore interessant å undersøke også ved Evje ungdomsskule ved eit seinare høve.




(Grepstad, 2015)

*Figur 5.17 Grepstad sine tal "Liker du å skrive..."*

Dette er kanskje ikkje overraskande tal, men det er interessant å rette fokus mot dei nynorskelevane som då har eit hovudmål dei helst ikkje vil lese på. Dette kjem eg tilbake til i drøftinga.

Ungdommane fekk også spørsmål om kva dei les på fritida, og kunne krysse av for fleire svar. Resultata ser ein i figur 5.18:

### 9. Fritidslesing - alle svar




Figur 5.18 Kva les du mest av på fritida?

Det er kanskje naturleg å sjå at det er så mange som les i sosiale medie, men endå meir interessant er det at så mange som 15 informantar kryssa av for at det *kun* er sosiale medie dei les i på fritida. Sosiale medie er prega av bokmål og ein del dialektbruk, så desse ungdommane vil med andre ord lese veldig lite eller ingenting nynorsk utanom skulen. Dei blir dermed eksponert veldig lite for hovudmålet sitt utanfor klasserommet.

#### 5.1.3 Framtida som nynorskbrukarar


Det er interessant å sjå på kor mange som ser for seg å halde fram med nynorsk som hovudmål på vidaregåande skule. I denne framstillinga er ungdommane delte inn klassevis. Dette er for å få fram at det her er ein viss skilnad mellom svara i dei to klassane. Dersom ein ser på svara samla sett, er det ei ganske jamn fordeling på *ja*, *nei*

og *usikker*. Det er grunn til å leggje merke til at det i A-klassen er svært få som tenkjer at dei kjem til å halde fram med å skrive nynorsk på vidaregåande skule:



*Figur 5.19 Om elevane kjem til å halde fram med nynorsk på vidaregåande*


Berre to elevar i A-klassen svarar ja på at dei kjem til å halde fram med nynorsk som hovudmål. I B-klassen er det 10 elevar som vil halde fram med nynorsk. Det er altså 12 av 38 elevar med nynorsk som hovudmål som oppgir at dei vil halde fram med nynorsk. Ein del er usikre, men det er overraskande få som vil halde fram med det hovudmålet dei har fått opplæring i. Det kan vidare vere interessant å sjå på kvifor dei ønskjer å halde fram med nynorsk på vidaregåande:



*Figur 5.20 Kvifor velje nynorsk*

Mange oppgir at dei ikkje har nokon grunn for å skifte til bokmål. Andre igjen oppgir at det er nærest dialekten og at *det er “mest meg”*. I dette spørsmålet er datagrunnlaget relativt lite. Eiin må difor ikkje legge for mykje vekt på at dette er representativt for fleire enn dei som faktisk har svart på spørsmålet. Tala kan likevel fortelje oss noko om kvifor dei få som tenker å halde fram med same hovudmål vel å gjere det.


18. Hadde det vore lettare å ha bokmål som hovudmål?



*Figur 5.21 Lettare med bokmål som hovudmål?*

Det er eit stort fleirtal som trur det hadde vore lettare å ha bokmål som hovudmål. Likevel er det ikkje like mange som vedgår å ha tenkt på å skifte hovudmål. 82 % kryssar av for at dei ikkje har tenkt på det:


20. Har du tenkt på å skifte frå nynorsk til bokmål?



*Figur 5.22 Målformskifte frå nynorsk til bokmål*

Sjølv om ikkje det er så mange som går med tankar om å skifte målform no, så er det mange som kjenner til nokon som har gjort det:

14. Kjenner du nokon som har skifta frå nynorsk til bokmål?



Figur 5.23 Målformskifte frå nynorsk til bokmål blant medelevar

På spørsmål om kvifor det ville ha vore lettare å ha bokmål som hovudmål, kjem mange av ungdommane med grunngjevingar: "Eg veit eigentleg ikkje, men ein opplevar meir bokmål så det er lettare å forstå." Argumentet her kjenner ein godt til frå før. Bokmål er ein naturleg del av den skriftlege verda ein lever i. Derfor kjenner kanskje mange på at det er enklare å bruke. Ein av dei argumenterer ut i frå talet på eigne skrivefeil i dei to målformene, og er såleis inne på noko av det same: "Fordi eg skriv meir bokmål på fritida og eg får ikkje like mange skrivefeil".

Argumentet om at bokmål er enklare kjem igjen fleire gonger, også i samband med at det er meir naturleg med bokmål: "Det kjem meir naturleg å skrive bokmål, så det er lettare med det." Dei kjem altså med grunnar som handlar om at det er lettare, at det fell meir naturleg og at ein blir eksponert for meir bokmål. Ein av informantane kjem med denne observasjonen: "Det er lettare å ha nynorsk, og bokmål som sidemål fordi bokmål er lettare enn nynorsk." Dette går imot argumenta ein del har om at dei vil bytte ut nynorsk fordi det er vanskeleg. Denne eleven tenker at det er betre å ha den "enklaste" målforma som sidemål.

Ungdommane fekk i oppgåve å vurdere om det er *viktigare å lære seg bokmål, for det får ein mest bruk for*. Denne påstanden var fleirtalet uenig i, det vil seie at om lag


63% av ungdommane svarar at dei er *litt uenig* eller *heilt uenig*. Talet på dei som er *litt uenig* og *heilt uenig* ligg dermed på 37 %. Dersom ein ser meir detaljert på tala ser ein at 74 % av dei plasserer seg på midten, altså svarar *litt uenig* eller *litt enig*. Det vil med andre ord seie at ein del av dei vurderer begge sider av saka og kanskje kunne tenkt seg eit “nøytralt” svar på midten. Kategoriane var valt ut medvite for å få ungdommane til å ta stilling til om bokmål blir vurdert til å vere viktigare å lære seg enn nynorsk.

Ein elev trekkjer inn korleis foreldra påverkar hennar syn på nynorsken: “Fordi at mamma og pappa kjem ikkje frå Noreg, så det blir vanskeligere for dei å hjelpe meg med nynorsk enn bokmål.” Om foreldra har gått på norskkurs eller ikkje, så er det bokmål som dominerer i første møtet med Noreg. På vaksenopplæringa i kommunen er opplæringsmålet bokmål, og såleis vil kanskje dei som har ungar i skulen med nynorsk som hovudmål kunne ha ei utfordring med å hjelpe ungane med norskfaget. Dei som ikkje får formell opplæring i norsk, vil oppleve at bokmål dominerer i området, og det vil då vere det språket dei blir eksponert mest for i det daglege.

Argumenta for kvifor det hadde vore lettare med bokmål handlar også om eksponeringa av det og den daglege bruken: “Fordi det bruker vi mer i dagliglivet”, svarar ein av informantane. Ein annan trekkjer også inn framtidsaspektet: “Det er flere som bruker bokmål og jeg tror jeg får mer bruk for bokmål i framtida”. Men det er fleire perspektiv på kor mykje enklare bokmål er, og kva det har å seie. Ein av informantane ser fleire sider av saka: “Det kunne ha vore lettare å ha bokmål som hovudmål. Men samtidig så er det viktig å kunne nynorsk og då blir det også lettare på framandspråkeksamen.” Denne informanten viser nokre eigne språklege eller kulturelle verdiar når han fortel om at det er viktig å kunne nynorsk. Det er fleire som er einige i at nynorsk er vanskelegare: “Nynorsk er jo vanskelegare å lære enn bokmål, men eg vil halde på nynorsken.”


Val av retning på vidaregåande skule kan vere interessant for å danne seg eit bilet av språkframtida for ungdommane. Det er ganske jamn fordeling mellom ønske om å gå på yrkesfagleg og studiespesialisering. 47 % ønsker å ta yrkesfagleg retning, medan 53% ønsker å gå på studieførebuande. På spørsmålet om kva slags linje dei helst vil gå på, kunne ungdommane krysse av for fleire alternativ. Dette er naturleg med tanke

på at mange i starten og midten av ungdomsskulen ikkje ser klart føre seg akkurat kva dei skal enno. Men ein ser tydeleg kva mange ønsker å gjere:



Figur 5.24 Kva slags linje på vidaregåande

Mange svarar at dei ønsker å gå på idrettslinja, studiespesialisering og bygg og anlegg. Ein del som vel linje på vidaregåande vil nok tenke på om dei må flytte og dermed bu på internat for å gå på den aktuelle linja. Difor fekk dei også spørsmålet om det har noko å bety for dei om dei må flytte. Svara fordeler seg slik:



Figur 5.25 Har det noko å seie kor ein kan gå på linjene på VGS?

Ein del stiller seg likegyldige til om dei må flytte på seg, men det er også ein del som helst ikkje vil flytte frå heimkommunen.

## 6. Drøfting

I dette kapitlet tek eg føre meg resultata frå førre kapittel sett i samanheng med den teoretiske bakgrunnen. Målet er å sjå på korleis dette kan vere med å svare på problemstillinga mi og underspørsmåla eg stilte i starten av avhandlinga. Haldningane blant ungdommane til nynorsk blir handsama først, før ein går gjennom kva slags rolle språket speler for identiteten. Vidare drøftar ein den praktiske bruken av språka på den opne marknaden, nynorsk som eit markert skriftspråk, den auka dialektbruken både på Evje og i samfunnet generelt og heilt til slutt vegen mot det som kan likne eit blandingsspråk samansett av fleire varietetar.

### 6.1 Haldningane til nynorsk

Det å granske haldningane kan vere vanskeleg, fordi ein må ta utgangspunkt i kva ungdommane sjølv rapporterer og analysere dette ut frå samanhengen. Det kan vere interessant å trekke inn teorien om ei tredeling av haldningane i samband med resultata av undersøkinga. Dersom ein ser på spørsmåla om oppfatninga ungdommane har av nynorsk, ser ein at i følge fleirtalet av ungdommane meiner dei at nynorsk er *gammaldags, kjedeleg og fint*. Dette er rapporterte haldningane til skriftspråket, og ein kan tenke seg at dei i størst grad representerer den kognitive komponenten av haldningane. Det er tankar og meningar om skriftspråket som er enklare å avdekke i ei slik undersøking. For å få fram eit større bilet av haldningane dei har, kan det vere interessant å også drøfte resultata som ikkje direkte spør etter forholdet deira til nynorsk, men omkringliggende tema.

I samband med haldningane til skriftspråket, er det difor interessant å sjå på kva slags tankar ungdommane har til forhold som har med heimstaden og lokalmiljøet å gjøre. Ungdommane viste i undersøkinga at dei har eit veldig positivt forhold til heimstaden sin. Alle ungdommane vurderte at dei liker heimkommunen sin godt eller veldig godt. Dei nemnde mange ulike ting som er bra med å bu i Evje og Hornnes, og viste på denne måten ei positiv innstilling til heimstaden. Mange av ungdommane kunne tenke seg å bu her når dei blir vaksne.

Ungdommane viser også ei positiv haldning til skulen. 95 % av ungdommane svarte at dei liker seg godt eller veldig godt på skulen. Denne positive innstillinga vil ha ein

innverknad på kva slags haldningar dei har til ulike fenomen som har med heimstaden og skulen å gjere, men om det har ein innverknad på haldningane til nynorsken er ikkje nødvendigvis tilfelle. Ein ser på spørsmålet om norskfaget at meiningane er meir delte. 45 % av elevane liker norsk godt eller veldig godt, medan 55 % liker det därleg eller veldig därleg. Det er ikkje urimeleg å tenke seg at nynorsken kan ha noko med kor godt dei liker norskfaget. Skriftspråket er ein viktig del av norskfaget. Det er også ein del av det som det blir sett karakter på.

Ungdommane måtte svare på kva dei les på fritida. Der såg ein at veldig mange, som folk flest i dag, les mykje i sosiale medie. Det var likevel interessant at så mange som 15 informantar oppgir at dei ikkje les noko anna enn det som kjem opp på Facebook, Snapchat, Instagram osv. Desse elevane blir dermed eksponert for mykje bokmål og ein del dialekt, men det nynorske språket er i liten grad brukt her. Det vil seie at nynorskeksponeringa er minimal utanom klasserommet. Dette vil vere med å prege haldningane dei har til skriftspråket. Lokalavisa som dekkjer setesdalskommunane skriv berre nynorsk, men elles er bokmålsdominansen stor.

Bokmål pregar samfunnet generelt. I Evje og Hornnes kommune er situasjonen mykje den same. I sentrum av Evje er det til dømes lite nynorsk å sjå i form av marknadsføring av bedrifter. Også kommunal informasjon er prega av bokmål. Nynorsken er ikkje dominerande i kvardagen til ungdommane, og påverkar dermed lite. Det som dermed er ein del av kvardagen er den lokale dialekten. Ungdommane rapporterer at dei skriv mykje dialekt i meldingar og på sosiale medium. Også i nærområdet kan ein sjå tydelege teikn på at dialekten speler ei viktig rolle på Evje. “Fy åkke på instagram” står med store bokstavar på det lokale gatekjøkkenet. Den lokale dialekten er med på marknadsføringa ved fleire lokale bedrifter i sentrum. Dei fleste reklamerer likevel på bokmål, men ingen stader er det nynorsk å sjå.

Haldningar blir som ein såg i kapittel 4 danna i ein sosiale samanheng. Ein del av den sosiale verda til ungdommane er naturleg nok heimen dei kjem frå. Ein kan tenke seg at foreldre og føresette kan påverke kva slags haldningar ungdommane har til nynorsk. På spørsmålet om kva slags skriftspråk deira føresette brukar, svarar over halvparten at dei brukar begge delar heime. 34 % svarar at dei føresette brukar bokmål, medan 11 % av ungdommane ikkje veit kva slags skriftspråk dei brukar

heime. Veldig mange kjem dermed frå heimar der bokmål er ein naturleg del av den skriftlege bakgrunnen. Berre éin elev oppgir at det berre er nynorsk som blir brukt av dei vaksne heime. Kva målform dei føresette brukar treng ikkje nødvendigvis ha nokon direkte innverknad på dagleglivet til ungdommane. Likevel høyrer det med til den språklege bakgrunnen dei har med heimanfrå. Det vil ha ein del å seie for kor vane dei er med å sjå, lese og høyre om nynorsk i det daglege. Det vil også ha ein del å seie for om dei opplever at nynorsk er ein del av identiteten deira.

## 6.2 Lite attraktiv nynorskidentitet?

Det har vore drøfta om det fins ein eigen nynorsk identitet, og kva som kjenneteiknar denne. Faarlund (1996) meiner at nynorsk ikkje kan reknast som identitetsmerke, men nynorsk har symbolverdi for dei som brukar det. Det å skrive nynorsk symboliserer med andre ord noko. Dersom ein vel bort å skrive nynorsk, vel ein også bort denne symbolikken.

Det er ikkje grunnlag for å meine at denne undersøkinga kan kartlegge alle delane av identitetsoppfatninga til ungdommane. Svara dei kjem med kan likevel gje eit lite inntrykk av forholdet deira til nynorsken. Etter å ha analysert resultata frå undersøkinga gjort på Evje ungdomsskule, kan ein nok ikkje trekke ei slutning om at ungdommane her opplever nynorsk som ein viktig del av identiteten. På spørsmål om dei opplever at nynorsk er ein viktig del av kven dei er, svarar 60 % av dei nei. 20 % av ungdommane er usikre, og 20 % av dei svarar ja. Fleirtalet oppgir altså at nynorsk ikkje er nokon viktig del av kven dei er, og såleis ikkje nødvendigvis ein del av identiteten deira.

Nynorsk er skulespråket for alle ungdommane, og det språket dei får opplæring i når dei har norsktimar. I andre skuletimar er det opp til lærarane kva slags skriftspråk som blir nytta. Bortsett frå nynorsken i skulekvardagen synest skriftspråket å ha mindre å bety for dei i dagleglivet. Veldig få oppgir at dei skriv nynorsk i meldingar til vennene sine, eller andre stader i sosiale medier. Det dei får lese av nynorsk i privat samanheng er meir eller mindre tilfeldige møte med språket i ulike, men veldig få samanhengar. I figur 5.11 såg ein at mange av ungdommane varierer skriftspråket etter kven dei skriv med. I teoridelen kom ein inn på det å *konvergere* eller *divergere* om det å bli meir lik eller meir ulik samtalepartnaren. Her var det tale om talemål, men ein kan nytte noko av den same argumentasjonen her når det kjem til å definere

seg sjølv ut i frå andre. Identiteten vår blir særleg utkrystallisert i møtet med *dei andre*. I undersøkinga rapporterer ein del av ungdommane at dei varierer skriftspråket ut ifrå kven dei skriv med, og altså konvergerer i møtet med andre.

Når det munnlege språket også er blitt ein del av den skriftlege verda i form av auka dialektbruk i skriftleg kommunikasjon, blir det relevant at ein også trekkjer inn korleis ein distanserer eller nærmar seg den ein kommuniserer med. Det gjeld også i den skriftlege kommunikasjonen. Her kan det vere interessant å trekke inn det at dei oppfattar nynorsk som noko gamaldags. Ser ein det i samanheng med identiteten deira og omgropa *konvergens* og *divergens*, så kan ein kanskje sjå ein samanheng mellom synet på nynorsken som noko gamaldags, og ungdommane sin reaksjon på nynorsken ved å gå vekk i frå den i privatlivet. Dei ønskjer kanskje ikkje å bli assosiert med noko som er tett knytt til eldre folk, og eit meir naturleg val blir dialekt og bokmål.

Det kan høve å nytte Grepstad (2002) si inndeling i tre hovudtypar av forhold til nynorsk for å forstå korleis ungdommane er tilknytt sitt eige skriftspråk. Innanfor kategorien *nynorskbrukarar* skiljer Grepstad mellom primære og sekundære, der dei sekundære er dei som har nynorsk som sidemål (Grepstad, 2002, s. 36). Ungdommane kan dermed plasserast innanfor kategorien *primærbrukaren*. Denne kategorien er kjenneteikna av brukarar som nyttar nynorsk privat og mest mogleg i jobb og skule, men utan ei spesiell kjensle av å måtte skrive nynorsk dersom det blir opplevd for markert av andre.

Ungdommane passar likevel ikkje heilt inn i kategorien, for ein såg at dei i liten grad faktisk nyttar nynorsk privat. Faktisk kunne ungdommane passa betre inn i kategorien *sekundærbrukaren*, som opphavleg viser til dei som har nynorsk som sidemål. I praksis kunne kategorien gjelde ungdommane i denne undersøkinga.

Sekundærbrukarane avgrensar nynorskbruken til lesing, lytting og skulegang, og snakkar gjerne ei nynorsknaer dialekt. Sjølve identifiserer dei seg som bokmålsbrukarar. Sjølv om ikkje alle ungdommane i undersøkinga gjer dette, avgrensar dei nynorskbruken til skulen. Dei blir dermed i praksis nynorskbrukarar som faktisk brukar meir bokmål og dialekt enn nynorsk. Dette gjer eit tydeleg utslag når det kjem til såkalla nynorsk identitet. Denne blir fråverande hjå ungdommane, sidan dei ikkje opplever noko særleg kollektiv tilknyting til skriftspråket.

Bull (2004) meiner at nynorsk er å rekne som eit minoritetsspråk, både når det gjeld kor mange som brukar språket, og med tanke på det assymetriske forholdet det har til bokmålet. Det kan på mange måtar verke som han er organisert slik, og at dette i seg sjølv kan vere belastande på dei som skal bruke nynorsken. Walton meiner at “det å liggje så å seie i spagat mellom to identitetsmetta kulturar i seg sjølv er slitsamt” (Walton, 2015, s. 27). Dette kan vere ein av grunnane til at så mange av ungdommane oppfattar at det hadde vore lettare å ha bokmål, ikkje berre det reint språklege ved at mange opplever språket enklare. Det kan vere at det er ei for belastande identitetshandling å skrive nynorsk i det sosiale livet utanom skulen, og derfor vel mange å legge nynorsken bort.

I rapporten frå Utdanningsdirektoratet kjem det fram resultat som liknar på det ein kan sjå på skulen i denne oppgåva: “For de fleste nynorskelevene, fremstår det å skrive nynorsk på sosiale medier som helt utenkelig” (Utdanningsdirektoratet, 2014, s. 35). Nynorsk er dermed ikkje eit språk ein nyttar som privatperson, men er marginalisert til eit skulespråk eller til bruk i einskilde spesielle situasjonar. Det hører ikkje til identiteten til elevane, og dei har dermed ikkje eit personleg forhold til det. Noko liknande er det Eiksund trekkjer fram: ”Det er den skriftleggjorde dialekten som er identitetsmerket, medan nynorsk blir definert bort som eit skolespråk utan relevans utanfor skolestova”. (Eiksund, 2015, s. 45). Her kjem ein kanskje inn på nettopp kjernen av dagens utfordring. Nynorsken verkar å vere av mindre relevans for unge nynorskbrukarar i dag, og situasjonen i nedre Setesdal underbyggjer dette.

### **6.3 Haldningar til nynorsk både som hovudmål og som sidemål**

Det har vore diskutert om skriftleg sidemål, og då for majoriteten i landet nynorsk, skal vere valfritt på vidaregåande. Argumenta går for motstandarane av sidemål ofte på at elevane har negative haldningar til nynorsken. Skjekkeland (2012) trekkjer fram at motstandarane ofte meiner det er urimeleg å måtte lære å skrive nynorsk, sjølv om det kan vere greit å lese litteratur som er skriven på nynorsk. Det er eit slags kompromiss dei skisserer, noko som kan føre til å gjere nynorsk mindre viktig i skulen. Det er interessant at argumentasjonen rundt sidemål på vidaregåande går på haldningane elevane har til skriftspråket. Det tyder på at mange meiner at dersom ein

har negative haldningar til det, vil det vere vanskeleg å argumentere for kvifor ein skal lære det.

På den andre sida er det dei skulane som tar grep for å endre haldningar hjå elevane som har nynorsk som sidemål. Fleire bokmålsklassar rundt om i landet, blant anna i Bergen, prøver ut tidleg start med skriving på nynorsk. Dei argumenterer her for at låg motivasjon for å lære nynorsk, i tillegg til därlege haldningar til skriftspråket, er noko dei kan få bukt med dersom det blir innført tidlegare. “Lærarane sa at dei såg stor skilnad i både haldningar til og ferdigheiter i nynorsk hos dei elevane som hadde starta tidleg med skriving og lesing på sidemålet” (Jansson og Traavik, 2017, s. 117). Sjølv om dette då gjeld dei som har nynorsk som sidemål, vil haldningane til målforma som sidemål vere ein del av totalbiletet til nynorsken. Ved tidlegare start med opplæringa på skriftspråket får ein eit nærare forhold til nynorsken, og dette kan føre til haldningssendring. Såleis kan ein seie at haldningane dei som har nynorsk som sidemål har til skriftforma, er med på å påverke dei generelle haldningane til nynorsk.

Ein kan stille spørsmål ved om forholdet nynorsk-bokmål i dag kan koplast til omgrepssparet tradisjon-modernitet (Mæhlum, 2007). Dette synet på nynorsk er ikkje ungdommane på Evje åleine om å ha. Nettopp difor kan ein trekke slutninga om at denne type haldningar er noko ein lærer i ein sosial kontekst. Garret (2010) sin teori om *observational learning* kan tene som forklåring på kvifor ungdommane allereie har gjort seg opp meining om nynorsk som noko gamaldags. Personlege opplevingar og det sosiale miljøet er avgjerande kjelder til haldningar, og media er også ein del av dette. Folk sine reaksjonar på at ungdommane skriv nynorsk kan vere med på å forme deira eigne haldningar til skriftspråket, det same kan samtalar om nynorsk med vener, familie og andre sosiale kontaktar. Innanfor dette kjem også meir indirekte handsaming av tema, der ungdommane kan få inntrykk av andre sine haldningar til språket utan at det blir ytra eksplisitt.

#### **6.4 Praktisk bruk av nynorsk på den opne marknaden**

Innanfor språkmarknadsteorien ser ein kva slags «produkt», altså kva slags språkleg varietet som er best eigna til ulike formål (Mæhlum, 2008a). For at eit språk skal fungere i ein viss samanheng, er ein avhengig av at språkbruken blir akseptert av aktørane som er tilstades. Difor var det interessant å studere ungdommane sine

reaksjonane på nynorskbruk i sosiale medie, og kva slags reaksjonar ungdommane sjølve kan ha fått når dei brukar nynorsk. Mange av ungdommane sjølve gav nøytrale svar på kva dei tenker om nynorskbruk på sosiale medie, medan nokre viste positive og andre negative reaksjonar på dette. Eit sentralt poeng er likevel at dei ikkje sjølve brukar særleg mykje nynorsk på nettet, og dermed kan ein her kanskje vurdere om det er ein viss skilnad mellom den kognitive og den konative komponenten av haldninga overfor nynorskbruk på nettet. Mange av dei stiller seg nøytrale til nynorsk på nett, men samstundes brukar dei ikkje skriftspråket sjølve, og viser dermed ei litt anna haldning når det kjem til den praktiske utføringa. Ein kan kort seie at dei i teorien har ei nøytral oppfatning av nynorsk i sosiale medie, men i praksis viser ei anna tilnærming.

Når ungdommane får spørsmål om kor godt dei liker å lese nynorsk, bokmål og engelsk, får ein også sjå korleis dei i praksis vel lesestoff som helst ikkje er på nynorsk. I presentasjonen av funna såg ein at nynorskelevane heller vil lese bokmål før dei les nynorsk. Resultata viser at det å lese nynorsk er det mange som liker *i liten grad* og *i svært liten grad*. Heile 75 % av elevane liker ikkje å lese nynorsk. Resultata frå spørsmålet om å skrive nynorsk viste at det også her er nynorsk som kjem tapande ut. 32 % liker å skrive nynorsk *i svært liten grad*. Grepstad (2015) sine tal viste det same. Kva gjer dette med deira erfaring med og haldning til skriftspråket sitt? Når ein stor andel av dei som har nynorsk som hovudmål på skulen ikkje liker å lese på nynorsk, kor stor er då sjansen for at dei held fram med å bruke målet etter endt skulegang?

Elevane veks opp i eit kanskje endå hardare pressområde, og deira erfaring med og haldning til skriftspråket mot slutten av grunnskulen vil ha mykje å seie for om dei held fram med å bruke nynorsk som hovudmål, eller om dei vil skifte til bokmål, slik mange gjer i overgangen frå ungdomsskule til vidaregående, eller i det dei entrar arbeidslivet. Mange kjenner nokon i klassen som allereie har skifta målform frå nynorsk til bokmål, og tal frå tidlegare år viser at veldig mange skiftar målform i overgangen til vidaregåande skule. Av ungdommane i undersøkinga er det  $\frac{1}{3}$  som vil halde fram med nynorsk på vidaregåande,  $\frac{1}{3}$  er enno usikre og  $\frac{1}{3}$  vil bytte til bokmål.

Ungdommane fekk også spørsmål om kvifor dei vil halde fram med nynorsk som hovudmål, og sjølv om datagrunnlaget var relativt lite på dette spørsmålet, såg ein at grunnane som vart valde av dei fleste handla om at dei ikkje kom på nokon grunn for å skifte, at nynorsk er nærast dialekten deira og at dei opplever nynorsk som “mest meg”. Det vil seie at for dei få som verkar sikre på å halde fram med nynorsk, så opplever dei nynorsk som relevant og som ein del av identiteten deira.

## 6.5 Eit markert språk

Som ein såg i den teoretiske gjennomgangen, er det fleire som deler inn nynorsk og bokmål i markert og umarkert språk (Mæhlum, 2007). Her kjem ein inn på korleis ungdommane oppfattar nynorsk. Bull hevda at nynorsk er markert, medan bokmål er umarkert (Bull, 2004). Dette stemmer overeins med resultata frå undersøkinga.

Bokmål vart av mange oppfatta som nøytralt og vanleg, ein kan seie at det er umarkert. Ungdommane vil kanskje ikkje reagere særleg på å få ei melding på bokmål, eller å lese bokmål i sosiale medie. Men når det dukkar opp nynorsk i kommentarfelt eller som statusoppdateringar, så har mange av ungdommane sterke reaksjonar på dette. Det er meir markert. Dette har også samanheng med kor mange som faktisk nyttar språket som er markert. Tek ein til dømes nynorskkommunen Stord i Hordaland der det nynorske språket står sterkt i kommuneadministrasjon så vel som i privat næringsliv, vil ein oppleve at det er umarkert å skrive nynorsk, fordi “alle” gjer det. Sjølv om mediesamfunnet også her sjølvsagt vil vere prega av bokmål, er det lokalt veldig høg nynorskprosent.

Mange av ungdommane har ikkje nødvendigvis så medvite forhold til målforma si, og skriv litt som det passar dei. Me har sett at skriftleggjort dialekt er mykje brukt, og ei blanding av dette og bokmål er også vanleg. Ein ser nok her noko av det same som Walton, at det er mange som “er likegyldige til heile problemstillinga om målform, og at dei til ei kvar tid vel pragmatiske løysingar som kostar dei minst mogeleg” (Walton, 2015, s. 27). Det kostar mindre å skrive dialekt for ungdommane. Dei slepp å forholde seg til rettskrivingsreglar, og sidan det er så mange som skriv dialekt, skil dei seg ikkje ut ved å gjere det. Det å skrive dialekt kan for mange av dei også vere meir personleg, sidan nynorsk for mange kan verke formelt.

Over halvparten av ungdommane svara nei på spørsmål om det bør vere meir oversett nynorsk litteratur, meir teksting av seriar på nynorsk og meir nynorsk på internett og i andre medium. Dei svara derimot ja på at nynorskjournalistar bør få skrive på nynorsk. Det verkar ikkje ut frå desse tala som ungdommane spesielt ønskjer seg meir nynorsk synleg i samfunnet, men at dei meiner at dei som ønskjer å skrive nynorsk må få lov å gjere det i avisar, på internett og andre stader i offentlegeheta. Dette er eit tydeleg signal om dei ikkje opplever eit behov for å bli eksponert for hovudmålet sitt meir enn dei i dag gjer.

Walton (2015) hevdar at den medvitne nynorskbrukar må ha ei viss mengd sjølvironi, av di dei når som helst kan kome i ein situasjon der nokon frå majoritetskulturen kan kome til å synast det er morosamt med nynorskbruken. Ein av informantane kjem med eit døme på negativ reaksjon på nynorskbruk som passar med denne karakteristikken: “LOL. Du skriver stygt. Offa mæg! Nynorsk!!!!”. Sitatet signaliserer at nynorskbruken kan opplevast som latterleg (LOL = Laughing out loud). Nynorskbrukarane må i mange høve forvente å måtte argumentere for kvifor dei er nettopp det. Ei bør som ikkje alle er førebusse på, ei heller særleg interesserte i å bere. Denne børa er det kanskje fleire av ungdommane som ønskjer å vere forutan, og vel derfor løysingar som blir opplevd mindre markerte.

## **6.6 Framtida ser ikkje nynorsk ut**

Det er ikkje mange av ungdommane som ser for seg å ha nynorsk som hovudmål på vidaregåande. Berre to elevar i A-klassen svarte ja på at dei kjem til å halde fram med nynorsk som hovudmål. I B-klassen var det 10 elevar som vil halde fram med nynorsk på vidaregåande. Mange var usikre på dette spørsmålet, og det er sjølvsagt grunn til å tru at dei fleste som svarte på dette spørsmålet kjem til å tenke seg om nokre gonger før dei vel hovudmål på vidaregåande. Det er likevel ei ganske dramatisk utvikling når ein samanliknar talet på nynorskelevar på to trinn på ungdomsskulen med kor mange av dei som har planar om å ha nynorsk på vidaregåande. Berre 32 % av elevane som har nynorsk som hovudmål på ungdomsskulen ønskjer å halde fram med det. I innleiinga vart nynorsktala for Aust-Agder presentert, og der såg ein at det relative talet på nynorskelevar går ned til 68 % frå 1. til 10. klasse, og deretter til 20 % på Vg3. Samanlikna med dette ligg Evje over fylkessnittet for nedgang i nynorskelevar.

Ein kan sjå at nynorsk har lågare verdi på språkmarknaden enn bokmål. Garrett (2010) hevdar at språk med lågare verdi på marknaden vil i mindre grad bli brukt, noko som kan føre til negative haldningar til det. Negative haldningar til nynorsk kan dermed henge saman med kor lite det blir brukt i samfunnet, og difor også har lågare verdi på den lingvistiske marknaden. Ser ein dette i samanheng med korleis nynorsk blir oppfatta av ungdommane, og framtidsutsiktene for å halde fram med å bruke språket, ser ikkje situasjonen ut til å betre seg. Mange vil skifte hovudmål når dei byrjar på vidaregåande skule, og med endå færre brukarar av nynorsk vil statusen til språket også svekkast. Den språklege verdien på språkmarknaden går ytterlegare ned.

Ungdommane i Evje og Hornnes trivst godt i nærområdet sitt, på skulen og endå til i norsktimane, sjølv om trivselen er lågare i desse timane enn på skulen generelt. Men det verkar likevel ikkje å vere nok til at ungdommane blir trygge på hovudmålet sitt. Brunstad (2007a) peikar på korleis ein i skulen sviktar i å gje eit godt nok grunnlag for at nynorskelevar skal kjenne seg trygge som språkbrukarar. Han trekkjer fram korleis presset mot nynorsken gjer at mange kjenner det som utfordrande å skrive nynorsk. Kanskje er det eit problem som må løysast utanfor skulen, og kanskje er det heller ikkje eit ansvar skulen ønskjer eller maktar å ta på seg.

Utdanningsdirektoratet kommenterer skulen si rolle i det auka språkskiftet slik: "Vårt inntrykk er at skolene oppfatter seg som observatører av en trend som de vanskelig kan gjøre noe med" (Utdanningsdirektoratet, 2014, s. 45). Ein kan sjå føre seg at det vil vere vanskeleg for den einskilde skule eller lærar å gjere så mykje med eit språkpress som er så samansett, og så prega av prosessar på andre samfunnsområde. Samstundes har ein Odda-modellen som står som eit døme på korleis nokre meiner ein kan sikre at nynorskelevane får opplæringa og sjølvkjensla dei treng for å bli trygge nynorskbrukarar også i framtida. Modellen var rett nok ein del av kvardagen også ved Evje ungdomsskule for ein del år tilbake, men som tidlegare nemnt valte dei å avslutte ordninga då dei såg at inndelinga fekk uheldige konsekvensar for klassesamansetningane.

## **6.7 Tek dialektbruken over for nynorsken?**

Eit av spørsmåla eg ønskte å undersøke var om ungdommane brukar meir dialekt og bokmål enn nynorsk i det dei skriv utanom skulen. I spørsmål 34 såg ein at det kun var omlag 13 % av ungdommane som rapporterer at dei skriv nynorsk i meldingar, på nett og anna fritidsskriving. 26 % skriv mest bokmål, medan halvparten skriv mest dialekt. Ungdommane viste også i praksis korleis dei ville skrive ei melding til ein kompis, og der var det berre omlag 18 % som skreiv meldinga på nynorsk. Då ungdommane skulle krysse av for konkrete ord dei brukar i meldingar, var det 26 % av informantane som hadde valt eit eller fleire nynorskord i dei fire oppgåvene. Berre 8 % av ungdommane valte kun nynorskord. Ein kan tydeleg sjå ut i frå desse spørsmåla at veldig mange av ungdommane ikkje brukar nynorsken utanom skulen. Det kan sjå ut til å vere trenden hos dei unge at det munnlege språket, og då gjerne den lokale dialekten, blir meir nytta i den daglege skrivinga. Det går mykje i dialekt, og på mange måtar kan ein undre om dette påverkar den generelle kompetansen i dei to målformene, ved å nytte meir av det tredje skriftspråket, den lokale dialekten.

Ungdommane har eit positivt forhold til den lokale dialekten, men opplever ikkje at det er eit nært forhold mellom dialekten og nynorsk skriftspråk. Avstanden mellom desse kan vere noko av argumentasjonen dei har for å bruke meir og meir dialekt skriftleg. Nynorsken opplever dei kanskje som for formell for dagleg bruk. Vederhus (2007) rettar blikket for oss mot korleis mange oppfattar nynorsk i dag: "Nynorsk er eit bokmål, ein skriftleg tone, om ein kan seie slikt, som ein finn i bøkene hos forfattarar som nyttar nynorsk og i dei rike ord- og språkbøkene." (Vederhus, 2007, s. 58). Dette kan nok i stor grad også gjelde for ungdommane på Evje, som ikkje oppfattar nynorsk som eit bruksspråk dei kan nytte på alle samfunnsområde.

## **6.8 Frå sosial frigjering til strenge rammer?**

Tankane Ivar Aasen hadde for det nye skriftspråket var at det skulle vere eit uttrykk for ei personleg, kulturell og sosial frigjering. I dag kan det for dei som har nynorsk som hovudmål i skulen opplevast som ein motsetnad til dette. Mange opplever at det er strenge rammer for språket og grammatikken, som gjer at skriftspråket kan kjennast meir påtvunge enn som eit uttrykk for frigjering. Dialektbruk har i dag meir denne funksjonen ved at det er eit uttrykk for språkleg identitet som nynorsken, eller for den

saks skuld bokmålet, ikkje kan konkurrere med. Ungdommane rapporterer at dei opplever det som meir personleg og naturleg å skrive dialekt i sosiale medie og på meldingar. Dei offisielle skriftspråka er meir i bruk i formelle samanhengar. Ein står i dag i fare for at nynorsk blir marginalisert til enkelte domene, jamfør tidlegare drøfting av språkmarknad.

Dialektane har høg prestisje i Noreg, og ein kan nyte dialekten sin munnleg på alle samfunnsområde. Dialektbruk har fått ein sjølvsagt plass over alt i samfunnet, og endå til i kyrkja kan ein i påska høyre om “langfræddan”, og dette i eit hus kor det er lange tradisjonar for å hegne om munnleg framstilling av skriftspråket. Dialektane ser ut til å ta over, og det gjeld også den skriftelege verda kor dialekt tek plassen til dei to skriftspråka. Enno er det ikkje slik at ein kan nyte dialekten skriftleg på jobb eller i andre formelle samanhengar, men det kan vere interessant å sjå føre seg eit slikt scenario som eit resultat av stadig meir skriftleg dialektbruk i sosiale medie. Det som tradisjonelt har blitt sett på som ein kamp mellom nynorsk og bokmål er i dag utfordra av auka dialektbruk også skriftleg. Ungdommane skriv dialekt i ulike situasjoner dagleg, medan nynorsk stort sett høyrer heime i norskimane.

Det er tydeleg at for ungdommane i denne undersøkinga har nynorsk ei bestemt tyding. Nynorsk blei av ungdommane ved Evje ungdomsskule oppfatta som noko gamaldags, trass i at språket berre kan vise til ei omlag 150 år lang historie. Dette er berre ein ørliten del av språkhistoria, så det er noko anna enn sjølve alderen på skriftspråket som gjer at mange har konnotasjonar til språket som går på at det er noko gamaldags og utdatert. Tradisjonsdimensjonen kopla til det nynorske språket, er noko Mæhlum (2007) held fram som ein klar tendens gjennom heile den nynorske historia. Ho stiller også spørsmål ved bokmålet i denne samanhengen, og det er ei interessant vinkling også i denne oppgåva. Det rurale utgangspunktet for det nye skriftspråket på midten av 1800-talet har prega korleis mange oppfattar nynorsk heilt fram til i dag. Språket skulle ikkje vere for eliten, men for bonestanden, og også i dag er det ei vanleg oppfatning i tradisjonelle bokmålsområde at nynorsk blir oppfatta som eit bygdespråk knytt til spesielle territorie.

## **6.9 Får me eit blandingsspråk?**

Utviklinga ein ser i dag der elevar med nynorsk som hovudmål ofte nyttar bokmål eller dialekt, eller ei blanding av desse som skriftspråk i det daglege, kan ha stor påverknad på dei generelle språkferdigitetene. Det at skriftspråket kjennest så distansert, kan bety at skriftspråkutviklinga har gått i feil retning. I 2012-normalen var føremålet å gjere nynorskrettskrivinga tydelegare, enklare og strammare. Likevel opplever veldig mange at skriftspråka står for langt i frå deira eigen dialekt, og opererer med ei blanding i det daglege.

I ei undersøking om nynorsk som hovudmål på vidaregåande kan ein sjå nokre utsegner som samsvarer med situasjonen på Evje: "Tre-fire nynorskelever som vi intervjuet på videregående fortalte at de skrev en blanding av dialekt, nynorsk og bokmål hele tiden. De syntes det gikk greit, det viktigste var å bli forstått" (Utdanningsdirektoratet 2014, 35). Dette er eit døme på korleis skriftnormalane ikkje er ein del av kvardagslivet til elevane, og kanskje heller ikkje til folk flest. Det same såg ein i resultata frå undersøkinga ved Evje ungdomsskule. Når elevane skulle krysse av for kva for nokre ord dei brukar i dagleg, skriftleg kommunikasjon, var det for veldig mange dialektorda som vart brukte, eller ei blanding av dialekt og bokmål. Det er aksept for ikkje å skrive korrekt norsk i sosiale medie, kanskje endå til kjennest det meir akseptert og personleg å nytte ei blanding som ligg tett opptil dialekten. Det viktige er å gjere seg forstått.

Samstundes vil mange argumentere for at det å bli eksponert for både mykje nynorsk og mykje bokmål vil vere ein fordel for den skriftspråklege utviklinga. Skjekkeland (2012) trekkjer fram korleis kunnskapar i nynorsk kan hjelpe den som skriv bokmål med å få eit skriftspråk som er enklare og ligg tettare opptil talemålet deira. Dei ulike språklege variantane kan gjere at ein blir meir språkleg medviten. Men det er skilnad på å bli eksponert for målformene, og bruke dei om kvarandre i eigen, skriftleg kommunikasjon. Resultatet av denne utviklinga er noko ein ikkje ser følgjene av enno. Ungdommane på Evje er ein del av denne utviklinga, og såleis vil det vere interessant å følgje dei i deira skriftspråklege framtid.

## **6.10 Ein trend som må snu?**

Uansett korleis ein stiller seg til språkdebatten i vår tid, skulle ein tru det ville ha vore mest føremålstenleg om språkbrukarane heldt fram med det hovudmålet dei starta med då dei byrja på skulen. Slik får ein språkbrukarar som meistrar eige språk og er trygge i språket sitt. På den måten opprettheld ein også dei to skriftspråka me har i Noreg, noko som blir trekt fram som ein stor språkleg og kulturell verdi i landet vårt. Ein kan spørje kor vegen går vidare for språkutviklinga i nynorskens randsoner. Dette er avhengig av om ein ser på utviklinga som eit problem, eller som det faktisk er – ei utvikling.

Utviklinga kan styrast, men det er i fyrste omgang viktig at skriftspråket ein nyttar syner seg relevant for språkbrukaren. Dersom det er enklare å sjå for seg å skrive dialektnært for bygdeungdommane, bør ein då vere flinkare på å informere dei om valfridomen ein har innanfor begge målformene? Ein kan ikkje argumentere for full valfridom tilpassa den einskilde dialekt, men ei viss helling mot ein meir dialektnær skrivestil kan kanskje verke positivt for å kunne halde på nynorsk som skriftspråk. Dette har ein hove til sidan valfridommen i skriftspråka framleis er relativ stor: “Valfridommen i skriftmåla speglar ofte av variasjonen i talemålet frå landsdel til landsdel” (Skjekkeland, 2012, s. 41). Dette krev at dei som underviser i nynorsk er oppdaterte på gjeldande rettskriving, og her ligg eit særleg ansvar på skulane.

Når det gjeld språkorganisasjonar som til dømes Noreg Mållag, bør det vere viktig å drive haldningsskapande arbeid for det nynorske skriftspråket på fleire område, og i andre samfunnslag enn det som kanskje har vore vanleg. Språkorganisasjonane bør såleis ikkje vere berre for dei som er opptekne av språk, men kanskje heller meir for dei som kjenner seg språkleg usikre og vurderer å slutte å bruke skriftspråket dei har hatt grunnopplæringa i.

Språkskifte blir sett på som ei utfordring i dag, og det er lansert fleire tiltak for å endre denne utviklinga. Noregs Mållag har gått inn for at elevar som har nynorsk som hovudmål på vidaregåande bør få eit ekstrapoeng, på linje med slik det er med til dømes realfagspoeng (Mæland & Langåker, 2018). Framleggget har skapt debatt om

karakterpoenga i vidaregåande utdanning, men også om kva slags tiltak som må til for å sikre at nynorskelevar held fram med nynorsk også på vidaregåande.

Dei som har argumentert sterkt for framlegget om ekstrapoeng for nynorsk som hovudmål på vidaregåande hevdar at poenget kan forsvarast ut frå grad av språkleg kompetanse. Det vart hevdat at elevar med nynorsk som hovudmål har høgare språkleg kompetanse, sidan dei er dei einaste som i realiteten meistrar to målformer.

Argumentet vil kunne få støtte av Bull (2004), som peikar på at det berre er dei som har nynorsk som hovudmål som i røynda kan seie at dei meistrar to jamstilte målformer. Nynorskelevane startar med bokmål som sidemål på ungdomsskulen, men møter mykje bokmål utanom skulen som gjer at dei får solid kunnskap i sidemålet. Slik er ikkje situasjonen for dei som har nynorsk som sidemål. Kunnskapane kan ofte vere dårligare, og eksponeringa for målforma utanfor skulen er vesentleg mindre enn for bokmål.

Forslaget om eit ekstrapoeng for å ha nynorsk som hovudmål på vidaregåande vil kanskje gjere det meir freistande for einskilde å halde på hovudmålet sitt, og nokre få vil kanskje vurdere å skifte målform frå bokmål til nynorsk. Men korleis vil dette kunne påverke haldningane til skriftspråket? Det er vanskeleg å sjå føre seg at det vil føre til større respekt og positive haldningar til nynorsk. Kanskje vil heller eit slikt tiltak gjere motstanden mot skriftspråket og ikkje minst nynorskbrukarane større?

## 6.11 Oppsummering

I dette kapitlet har drøftinga av resultata frå undersøkinga vore sentral. Ein har sett på det teoretiske rammeverket i samband med resultata for å kunne svare på spørsmåla som vart stilte i starten av oppgåva, og vidare kunne nærme seg eit svar på problemstillinga.

Haldningsomgrepet deler ein gjerne i tre komponentar, og kan dermed vere komplisert og utilgjengeleg å granske. Difor er det behov for å nærme seg temaet frå fleire ulike perspektiv. For å få eit inntrykk av haldningane hjå ungdomsskuleelevarane på Evje, har ein drøfta haldningsomgrepet i samband med identitet, markertheit, praktisk bruk av språket og dialektbruk. Ein har sett på kva slags forhold ungdommene har til nynorsk, korleis kvardagen er med bruk av både nynorsk, bokmål

og dialekt, og korleis den språklege framtida ser ut for nynorskbrukarane på Evje ungdomsskule.

## 7. Avslutning

### 7.1 Tema og problemstilling

Haldningar kan ein ikkje direkte observere, men ein kan trekke slutningar basert på ytringar og handlingar som individet gjer. I denne undersøkinga er det tatt utgangspunkt i ytringar som kjem til uttrykk gjennom eit omfattande spørjeskjema. Ut i frå desse resultata kan ein seie noko om kva slags haldningar denne gruppa har.

Temaet for denne masteravhandlinga har vore språkhaldningar i randsona for nynorsken. For å kunne seie noko om dette temaet, har eg undersøkt korleis det står til med haldningane til eige hovudmål blant elevar som skriv nynorsk, men som held til i eit område der bokmål har stor plass. Problemstillinga ein har freista å svare på har vore: *Kva slags haldningar til nynorsk som hovudmål har ungdomsskuleelevar i ein kommune i randsona for nynorsken?*

I nynorskens randsoner, og i dette tilfellet i ein språknøytral kommune, er kvardagen for dei fleste prega av mykje bokmål. Forutan påverknad frå storsamfunnet gjennom media, handelsstand og anna næringsliv, er lokalsamfunnet prega av mykje bokmålsbruk i lokale lag, verksemder og i kommunal informasjon.

For å kunne svare på problemstillinga gjennomførte eg ei kvantitativ undersøking i to klassetrinn ved Evje ungdomsskule. Undersøkinga var omfattande, men dette vart gjort for å få ei grundig oversikt over språkhaldningane blant dei unge. Svara kan ikkje utan vidare nyttast til å generalisere, men ein kan seie noko om korleis situasjonen er for dei ungdommane som er informantane i denne oppgåva. Ein kan vidare diskutere om haldningane kan vere representative for fleire språklege randsoner, men då må ein legge forsking frå fleire grenseområde til grunn.

### 7.2 Resultat

Resultata av undersøkinga viser at ungdommane ser på nynorsk som eit gammaldags språk, og eit språk som særleg er knytt til meir formelle samanhengar enn det daglege liv. Ungdommane liker betre å lese både bokmål og engelsk før dei set seg til for å lese nynorsk. Dialektbruken står sterkt blant ungdommane, og dette viser seg også i skriftleg kommunikasjon. I meldingar til vene og i sosiale medie er dialekt og

bokmål meir dominerande blant ungdommane enn det nynorsken er. Ein av grunnane til dette kan vere at ungdommane sjølve har opplevd negative kommentarar på at dei skriv nynorsk. Ei anna årsak kan vere at kommunikasjon på dialekt kan kjennast meir personleg og autentisk.

Mange av ungdommane svarar at dei ikkje opplever at nynorsk ligg tett opp til dialekten deira. På den måten kan dei på Evje kjenne på ein større avstand til språket enn dei gjer til dømes i kjerneområda for nynorsken. Nynorsk blir også brukt i færre domene, og såleis kan ungdommane oppleve at språket ikkje passar innanfor dei områda dei brukar i kvardagen. Difor vil dei ikkje rekne nynorsken som ein viktig del av identiten, sjølv om det er hovudmålet deira. Det finst likevel nokre unntak, og desse opplever at nynorsk er ein del av identiteten deira. Dette gjeld likvel ikkje for majoriteten som berre praktiserer nynorskskriving i skulesamanheng.

Skriftspråk er eit verktøy for kommunikasjon, men også ein måte å vise identitet og tilhørsle på. Å skrive nynorsk kan vere eit uttrykk for å kjenne seg knytta til ein geografisk, kulturell eller sosial stad. På same måten kan det å gå over frå å skrive nynorsk til å skrive bokmål vere eit medvite eller umedvite uttrykk for å distansere seg frå noko eller nokon, eller for å nærme seg noko eller nokon. Sistnemnde er eit døme på at språkbrukarane konvergerer. Ein del av ungdommane opplever nok desse prosessane når dei kjenner såpass liten aksept for nynorsk i det skriftlege livet utanom skulen.

Ein tredjedel av ungdommane ser ikkje føre seg å halde fram med nynorsk på vidaregåande, medan ein tredjedel trur at dei kjem til å ha nynorsk som hovudmål også der. Om det blir eit stort språkskifte blant ungdommane vil tida vise, for ein tredjedel oppgir at dei er usikre på kva dei vil. Sjølv om val av hovudmål på vidaregåande ikkje er avgjerande for om ein har dugleik i språket, vil det vere ein indikator på kor viktig skriftspråket verkar å vere for dei. Dette vil igjen påverke om dei kjem til å halde fram med å bruke nynorsk i framtida. Språkvala ungdommane tek viser at dei har eit medvite forhold til språk, og at dei gjer medvitne eller umedvitne språkval ut frå kva for eit domene dei skriv i.

## 7.2 Konklusjon

Nynorsken står sterkt på Vestlandet, og ein kan undre seg om det berre er der han har ei trygg framtid. Noregs Mållag kan rapportere at det aldri har teke til så få bokmålselevar i Sogn og Fjordane som no, og i 2016 tok det til fleire nynorskelevar enn på 10 år i Hordaland. I randsonene er situasjonen ein annan, og her står nynorsken i fare for å bli ytterlegare svekka i åra som kjem. Dette gjeld ikkje minst i Evje og Hornnes, som har mange nynorskelevar og ligg på grensa til dei tradisjonelle kjerneområda for nynorsken. Språkpresset er større her enn i kjerneområda, og dette kan slå ut i språkskifte blant dei unge.

Det er tidlegare blitt sett på ein samanheng mellom haldningar til nynorsk og språkskifte frå nynorsk til bokmål. Dette gjeld ikkje berre haldningar hjå språkbrukaren, men også haldningar som råder blant folk flest. Nynorsk blir av mange oppfatta som eit markert skriftspråk, og det at det er meir avstikkande enn bokmål gjer at ein nynorskbrukar må rekne med å få reaksjonar på språkbruken. Dei som ikkje ønsker slike reaksjonar vel gjerne å gå over til å skrive bokmål, som blir opplevd meir nøytralt. I tillegg er det i dag meir og meir vanleg med skriftleg dialektbruk i fleire samanhengar, men spesielt innanfor den dagelege, digitale og sosiale kontakten med omverda - som i dag i stor grad går føre seg skriftleg.

Det ser ut til at ungdommane i Evje og Hornnes ikkje har direkte negative haldningar til nynorsk. Det er likevel ikkje slik å forstå at dei har eit nært forhold til målforma si. Skriftspråket er i størst grad knytt til skulekvardagen, og det skriftlege arbeidet deira der. Det vil seie at nynorsk i stor grad er knytt til berre eitt domene. Ungdommane brukar mykje skriftleg dialekt i kvardagen gjennom meldingar til venner, og når dei skal vere sosiale på nettet. Dei har eit positivt forhold til dialektbruk og særleg den lokale dialekta.

Bokmål er ein naturleg del av kvardagen deira gjennom medelevar som har bokmål som hovudmål i same klassen, men også gjennom kommunikasjon på nettet, reklame og marknadsføring i lokalområdet og den kommunale informasjonen. Dette er med på å påverke den språklege kvardagen deira. Kanskje gjer påverknaden frå tre skriftspråk i kvardagen at dei får eit større medvit når det kjem til språk. På den andre sida kan

det vere med på å gjere dei språkleg forvirra, og den språklege sjølvkjensla kan bli svekka. Det nære forholdet til nynorsk har dei nok i alle fall ikkje, trass i at det er hovudmålet deira på skulen - i alle fall omlag eit par år til før dei begynner på vidaregåande.

### 7.3 Vidare forsking

Etter arbeidet med eit slikt tema er det naturleg å løfte blikket utover landet og kanskje sjå føre seg at ei undersøking av fleire randsoneområde ville ha vore interessant. Kva er det som kjenneteiknar haldningane til nynorsk blant nynorskelevane i desse områda, og korleis verkar dette inn på nedgangen i talet på nynorskbrukarar?

Det kunne også ha vore interessant å trekke inn haldningane til nynorsk blant elevane som har bokmål som hovudmål ved skular der det er ei relativ jamn fordeling mellom bokmålselevar og nynorskelevar. Haldningane deira vil vere med å prege dei generelle haldningane til nynorsk, men haldningane deira er også interessante i seg sjølve. Korleis er det å vere bokmålselev på ein skule med mange nynorskelevar? Vil dei kunne ha faglege fordelar av å gå på ein slik skule, eller er det kanskje slik at ein nødvendigvis merkar så mykje til kva hovudmål medelevane har?

Ei anna interessant vinkling kunne vere å undersøke korleis lærarane opplever det å undervise på språkdelte skular. Undervisningssituasjonen med både elevar med nynorsk og elevar med bokmål som hovudmål i same klasse må nødvendigvis vere litt anngleis enn vanleg, sjølv om det då ikkje er tale blanding av elevane i norsktimar. Ein kan rekne med at dei sikkert ville ha kome med interessante karakteristikkar på korleis undervisningssituasjonen er ved språkdelte skular. Vidare ville ein kunne undersøke korleis dette påverkar elevane og kva det har å seie for læringa deira.

Dersom ein gjennomfører undersøkingar ved fleire skular som ligg i nynorskens randsoner, vil ein kunne sjå om desse områda er prega av same utviklinga. Det kan godt tenkjast at språksituasjonen er ganske lik i desse områda, men det kan også vere at kvar og ein stad er så unik at dei må handsamast kvar for seg. Ei meir djuptgåande undersøking i fleire av desse områda ville kunne vere av stor interesse innanfor

fagfeltet. Undersøkinga vil kanskje kunne seie noko om framtida for nynorsken i åra som kjem, spesielt utanfor kjerneområda til nynorsken.

## Litteraturliste

- Allkunne. (2018) *Bygland kommune, Aust-Agder*. Henta frå <https://www.allkunne.no/framside/geografi/noreg/kommunar/bygland-kommune-aust-agder/23/873/>
- Anderson, R. (2007). Nynorskkompetanse og haldningar til nynorsk hjå studentar i "nynorskland". I G. Akselberg & J. Myking (Red.), *Å sjå samfunnet gjennom språket : Heidersskrift til Helge Sandøy på 60-årsdagen 14.06.2007* (s. 23-32). Oslo: Novus.
- Baker, C. (1992). *Attitudes and language*. Clevedon: Multilingual Matters.
- Berge, K. L. og Skog, B. (1998). *Sluttrapport: hovedresultater fra de samfunnsvitenskapelige og de språkvitenskapelige studiene*. Trondheim: Senter for etterutdanning, Allforsk.
- Bourdieu, P. (1991). *Language and Symbolic Power*. Cambridge: Polity Press.
- Brunstad, E. (2007a). *Hubro*, 14(3). 26-27. Henta frå [https://issuu.com/universitetet\\_i\\_bergen/docs/hubro\\_3\\_2007\\_web\\_1\\_1\\_](https://issuu.com/universitetet_i_bergen/docs/hubro_3_2007_web_1_1_)
- Brunstad, E. (2007b). *Språkverdiar*. I Akselberg, Gunnstein & Johan Myking (Red.), *Å sjå samfunnet gjennom språket*: 33–41. Oslo: Novus.
- Bull, T. (2004). Nynorsk som minoritetsspråk. *Språknytt*, 32(3-4), 36-39.
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Det Norske Akademis Ordbok. (2018). *Randsone*. Henta frå <https://www.naub.no/ordbok/randsone>
- Eiksund, H. (2010). *Den nynorske identiteten i lys av det generelle forholdet mellom språk og identitet*. Henta frå [https://nynorskcenter.no/neted/front/img/Akademiske\\_tekstar/Eiksund\\_NynorskIdentitet.pdf](https://nynorskcenter.no/neted/front/img/Akademiske_tekstar/Eiksund_NynorskIdentitet.pdf)
- Eiksund, H. (2015). Mellom borken og veden. I H. Eiksund, & J. O. Fretland, *Nye røyster i nynorskforskinga* (s. 36-47). Oslo: Det Norske Samlaget.
- Evje og Hornnes kommune. (2018). *Fakta om Evje og Hornnes kommune*. Henta frå <http://www.e-h.kommune.no/fakta.406442.no.html?showtipform=2>
- Faarlund, J. T. (1996). Nynorsk og bokmål – tilhøvet mellom det allmenne og det spesielle. I H. S. Tvinnereim (Red.). *Nynorsk skriftkultur – aktuelle forskingsfelt* (s. 37-43). Volda: Høgskulen i Volda.
- Garrett, P. (2010). *Attitudes to language*. Cambridge: Cambridge University Press.

Garthus, K. M. K., Todal, J. & Øzerk, K. (2010). *Rapport om språkskifte i Valdres og Sogn og Fjordane*. Henta frå:  
[https://nytorsksenteret.no/img/nsfno/2010Rapport\\_ValdresFirda.pdf](https://nytorsksenteret.no/img/nsfno/2010Rapport_ValdresFirda.pdf)

Grepstad, O. (2017). 7. *Haldningar til språk*. Henta frå  
[http://www.aasentunet.no/filestore/Ivar\\_Aasen-tunet/Sprk/Sprkfakta\\_pdf/Sprakfakta2010kap7.pdf](http://www.aasentunet.no/filestore/Ivar_Aasen-tunet/Sprk/Sprkfakta_pdf/Sprakfakta2010kap7.pdf)

Grepstad, O. (2012). *Draumen om målet*. Oslo: Samlaget.

Grepstad, O. (2002). *Det nynorske blikket*. Oslo: Samlaget.

Haugen, R. (2004). *Språk og språkhaldningar hjå ungdomar i Sogndal* (Doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen). Henta frå  
[https://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/2423/Dr.Avh.Ragnhild\\_Haugen.pdf?sequence=2&gisAllowed=y](https://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/2423/Dr.Avh.Ragnhild_Haugen.pdf?sequence=2&gisAllowed=y)

Jansson, B. K. & Traavik, H. (2017) God i både nynorsk og bokmål allereie på barnesteget. *Norsklaeraren*, 41(1), 104–119. Henta frå  
[http://www.nyntorsksenteret.no/img/nsfno/NL1\\_2017\\_Jansson\\_Traavik.pdf](http://www.nyntorsksenteret.no/img/nsfno/NL1_2017_Jansson_Traavik.pdf)

Kleggetveit, I. (2013). *Eg eller jeg? Ein studie av forhold som kan påverke valet mellom nynorsk og bokmål hos ungdom i Indre-Agder*. (Mastergradsavhandling, Universitetet i Agder). Henta frå  
<https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/139407/Ingunn%20Kleggetveit%20oppave.pdf?sequence=1>

Karlsen, G., & Kolflaath, E. (2006). *Språk og argumentasjon for samfunnsvitere*. Bergen: Fagbokforlaget.

Krogsæter, M. N. (2017). «*Eg føler nesten at me har berre eitt skriftsspråk no, at det er bokmål.*» : ei sosiolinguistisk undersøking av hovudmålsval og språkskifte hos elevar i ungdomsskulen og i vidaregåande utdanning. (Mastergradsavhandling, NTNU). Henta frå  
<https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/2454324>

Kulbrandstad, L. A. (2015). Språkholdninger. *NOA norsk som andrespråk*, 30(1-2), 247-283. Henta frå  
<https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/2379883/Kulbrandstad.pdf?sequence=1>

Mæhlum, B. (2007). *Konfrontasjoner : Når språk møtes*. Oslo: Novus.

Mæhlum, B. (2008a). Normer. I Mæhlum m.fl. *Språkmøte : Innføring i sosiolinguistik* (s. 89-103). Oslo: Cappelen.

Mæhlum, B. (2008b). Språk og identitet. I Mæhlum m.fl. *Språkmøte : Innføring i sosiolinguistik* (s. 106-126). Oslo: Cappelen.

Mæland, R. B. & Langåker, S. O. (2018, 18. januar). Desse vgs-elevane vil ha ekstrapoeng for nynorsk. *Framtida*. Henta frå <https://framtida.no/2018/01/15/nytt-programforslag-mallaget-vil-gi-ekstrapoeng-til-nynorsk-levar-pa-vidaregaande>

Nøttveit, A. R. (2017, 30. januar). -Det er ikkje alltid eg gidd ta fram nynorsken. *Framtida*. Henta frå <https://framtida.no/2017/01/30/det-er-ikkje-alltid-eg-gidd-a-tafram-nynorsken>

Nøttveit, A. R. (2014, 3. desember). -Me er verdt den ekstra kostnaden. *Framtida.no*. Henta frå <https://framtida.no/2014/12/03/me-er-verdt-den-ekstra-kostnaden>

Omdal, H. (2009). Attitudes toward spoken and written Norwegian. *International Journal of the Sociology of Language*, 115(1), 85-108. Henta frå <https://www.degruyter.com/downloadpdf/j/ijsl.1995.1995.issue-115/ijsl.1995.115.85/ijsl.1995.115.85.pdf>

Regjeringa. (2013). *Ressursgruppe for nynorsk som hovedmål. Sluttrapport*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/rapportnorsk-hovudmaal.pdf>

Ringdal, K. (2007). *Enhet og mangfold : Samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget.

Rosenberg, M. J. & Hovland, C. I. (1960). Cognitive, affective and behavioural components of attitude. I Rosenberg m.fl. (Red.) *Attitude, organization and change: an analysis of consistency among attitude components*. New Haven: Yale University Press.

Skjekkeland, M. (2012). *Språk og kultur : Vegar inn i det norske språksamfunnet*. Kristiansand: Portal.

Statistisk sentralbyrå. (2018a). *Elevar i grunnskolen*. Henta frå <https://www.ssb.no/utdanning/statistikker/utgrs/aar>

Statistisk sentralbyrå. (2018b). *Folketall*. Henta frå <https://www.ssb.no/statbank/list/beftett?rxid=bf51773-7788-48f1-8d3a-7098f24dd2ff>

Språkrådet. (2017). *Språkstatus 2017. Språkpolitisk tilstandsrapport frå Språkrådet*. Henta frå <http://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/sprakstatus/sprakstatus-2017.pdf>

Trudgill, P. (2002). *Sociolinguistic variation and change*. Edinburgh: Edinburgh University Press.

Utdanningsdirektoratet. (2014). *Undersøkelse av nynorsk som hovedmål*. Henta frå <https://www.nynorskenteret.no/img/nsfno/Probarapport-2014-07.pdf>

Vederhus, I. (2007). Nynorsk er eit bokmål. I A. S. Nordal. *Betre nynorskundervisning* (s. 43-60). Volda: Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa.

Walton, S. (2015) Kva er nynorsken? I H. Eiksund & J. Fretland (Red.), *Nye røyster i nynorskforskninga* (s. 16-33). Oslo: Samlaget.

## Samandrag

I denne kvantitative studien har eg undersøkt språkhaldningane til ungdomsskulelevar ved ein skule i randsona for nynorsken. Alle ungdommane i undersøkinga har nynorsk som hovudmål, men går ved ein skule der det er ei jamn fordeling mellom nynorskelevar og bokmålselevar. Evje og Hornnes kommune er språknøytral, og ligg i eit område med både nynorskkommunar, språknøytrale kommunar og bokmålskommunar i nærleiken. For å granske haldningane til nynorsken hjå ungdommar i dette området, har eg gjennomført ei kvantitativ undersøking på to ungdomsskuletrinn. Undersøkinga tek form av eit semistrukturert spørjeskjema med både lukka og opne spørsmål for å svare på problemstillinga. I avhandlinga drøftar eg følgjande problemstilling: *Kva slags haldningar til nynorsk som hovudmål har ungdomsskulelevar i ein kommune i randsona for nynorsken?*

Resultatet av undersøkinga blir presentert tematisk ut i frå deltemaa *Forholdet til nynorsk, Praktisk bruk av nynorsk, bokmål og dialekt* og *Framtida som nynorskbrukarar*. Resultata syner at ungdommane med nynorsk som hovudmål ser på nynorsken som primært eit skulespråk. Dei oppfattar nynorsk som gamaldags og unaturleg, og mange reagerer når dei les nynorsk i sosiale medie. Nokre reagerer negativt, andre positivt, men det viser at språket blir oppfatta som meir markert enn bokmål. Mange ønskjer ikkje meir nynorsk på fleire samfunnsområde, men meiner at dei som skriv nynorsk skal få lov å gjere det der dei vil. Sjølve brukar dei ikkje nynorsk mykje utanom skulen. Nynorsk blir ikkje sett på som ein viktig del av kvardagen deira, og dei opplever difor ikkje at språket er ein viktig del av identiteten. Ein kan sjå ei positiv innstilling til dialektribruk, og eit særleg godt forhold til den lokale dialekten. På fritida skriv dei fleste ungdommane dialekt, eller ei blanding av bokmål og dialekt.

Eg drøftar korleis framtida ser ut for nynorskbruken i området, på den måten at haldningane dei har kan spele ei rolle for om dei skiftar hovudmål til bokmål.

## **Abstract**

In this quantitative study I have researched language attitudes among students in lower secondary school at the border line of the Nynorsk area. All students in this research has Nynorsk as their written language, but attends a school where there are equally amount of students who write Bokmål and who write Nynorsk. Evje and Hornnes municipality is itself language neutral, and is located in an area surrounded by both neutral, Bokmål and Nynorsk municipalities.

To properly research the language attitudes towards Nynorsk among youth in this area, I have completed a quantitative research in two classes in lower secondary school. The research consists of a semi-structured questionnaire consisting of both closed and open questions to answer the research question. The main objective of this research is to find out: “Which language attitudes towards Nynorsk as a main language do lower secondary school students in a municipality in the border line of Nynorsk have?”

Results of this research are presented thematically in the subthemes *Relationship towards Nynorsk, Practical use of Nynorsk, Bokmål and dialect* and *The future of the users of Nynorsk*.

Results show that the youth which have Nynorsk as their main language consider the language primarily a school language. They see Nynorsk as old-fashioned and unnatural, and many react when they read Nynorsk in social media. Some reacts in a negative fashion, others positive, but this shows that the language is considered more marked than Bokmål. Many of them do not wish for Nynorsk language to be present in more areas in society, however they think that those who write Nynorsk should be able to do it everywhere. They do not write Nynorsk much outside school. The language is not seen as an important part of their daily lives, and therefore they do not consider Nynorsk as a part of their identity. There are a positive attitude towards dialects, and especially towards the local dialect. Outside school, most of the youth writes in dialect, or a mixture of Bokmål and dialect. I discuss how the future looks for Nynorsk in this area, considering the relationship between language attitudes and how this affects language change from Nynorsk to Bokmål.

# Vedlegg

## Vedlegg 1: Informasjonsskriv og samtykkeerklæring

### Informasjonsskriv om masterprosjekt om skriftspråk i Evje og Hornnes.

#### Kva er føremålet med prosjektet?

Undersøkinga er ein del av masteroppgåva mi i Nordisk språk og litteratur ved Universitet i Agder. Føremålet er å finne ut korleis det er å vere elev med nynorsk som hovudmål ved ein skule der begge dei norske skriftspråka blir brukte som hovudmål. Skulen har stilt seg positive til prosjektet.

#### Korleis blir undersøkinga gjennomført?

Undersøkingane vil vere spørjeskjema som elevane fyller ut anonymt i skuletida. Undersøkinga blir gjennomført i løpet av dei neste vekene, og vil vere til stor nytte for dette prosjektet.

#### Behandlingsansvar og personvern

Informasjonen som blir samla inn i samband med undersøkingane blir behandla anonymt. Det vil seie at alle opplysninga om elevar kun blir tilgjengeleg for meg i prosjektperioden. Når prosjektet er over, vil all personleg informasjon bli sletta. Alle svar i undersøkingane blir anonymiserte, og kan difor ikkje bli spora tilbake til einskildpersonar.

#### Har de spørsmål?

Dersom de måtte ha spørsmål om undersøkinga de vil ha svar på, er det berre å ta kontakt med meg på mail: [sigrid.haugsgjerd@gmail.com](mailto:sigrid.haugsgjerd@gmail.com) eller tlf.: 411 85 583.

Beste helsing

Sigrid Åsen Haugsgjerd

masterstudent ved Universitetet i Agder

**Samtykke til deltaking i skriftspråksprosjekt**

Eg/vi samtykker til at mitt barn kan delta i ei spørjeundersøking om haldningar til skriftspråk. Opplysningane vil bli handsama anonymt. Eleven kan når som helst trekke seg frå undersøkinga. Etter prosjektperioden er over vil all personleg informasjon bli makulert/sletta.

Namn på eleven: .....

---

Stad / dato

---

Underskrift foreldre / føresette

## Vedlegg 2: Spørjeundersøking

### Spørjeundersøking “Nynorsk som hovudmål”

I denne undersøkinga skal du som har nynorsk som hovudmål svare på nokre spørsmål. Dette er ikkje ein kunnskapstest, men du må svare så ærleg du klarer på alle spørsmåla. Dersom du ikkje vil svare på eit spørsmål, kan du bare hoppe over dette, men du er til stor hjelp dersom du klarer å svare på flest mogleg.

Takk for hjelpa di!

#### Set kryss for rett alternativ:

1. Kva for ein klasse går du i?

- 8. klasse
- 9. klasse

2. Kva synest du om heimkommunen din?

- Liker den veldig godt
- Liker den godt
- Liker den dårlig
- Liker den veldig dårlig

3. Kva liker du best med å bu her?

*Skriv her:*

4. Kor vil du helst bu når du blir vaksen?

- I Evje og Hornnes
- På bygda ein stad
- I ein by
- Veit ikkje

5. Kva synest du om den lokale dialekten?

- Liker den veldig godt
- Liker den godt
- Liker den dårlig

- Liker den veldig dårleg
- Tenker ikkje over det

6. Kva slags dialekt snakkar du sjølv?

- Evjedialekt
- Hornnesdialekt
- Blandingsdialekt
- Anna: \_\_\_\_\_ (*Skriv eit stikkord her*)

7. Er det viktig for deg å halde på dialekten?

- Ja
- Nei
- Tenker ikkje over det

8. Opplever du at nynorsk ligg nært opp til dialekten din?

- Ja, i stor grad
- Nei, i liten grad
- Usikker

9. Kva les du mest av på fritida? (*Her kan du krysse av på fleire*)

- Skjønnlitterære bøker
- Faktabøker
- Mote-/livsstilsblad
- Bilblad
- Teikneseriar
- Bloggar
- Nettavisar
- Det eg følger på Facebook, Instagram, Snapchat osv.
- Les ingenting på fritida

10. Kor godt liker du deg på skulen?

- Liker meg veldig godt
- Liker meg godt
- Liker meg dårleg

- Liker meg veldig dårleg

11. Kva synest du om norskfaget?

- Liker det veldig godt
- Liker det godt
- Liker det dårleg
- Liker det veldig dårleg

12. Meiner du at du får lese nok nynorsk litteratur på skulen?

- Ja
- Nei
- Usikker

13. Blant vennene dine, har dei fleste nynorsk eller bokmål som hovudmål?

- Nynorsk
- Bokmål
- Nokså lik fordeling

14. Veit du om nokon i klassen din som har skifta hovudmål

frå nynorsk til bokmål?

- Ja, 3 eller fleire
- Ja, 1-2
- Nei
- Usikker

15. Kor godt vil du seie at du skriv nynorsk?

- Veldig godt
- Godt
- Heilt greit
- Litt dårleg
- Dårleg

16. Kor godt vil du seie at du skriv bokmål?

- Veldig godt
- Godt
- Heilt greit
- Litt dårlig
- Dårlig

17. Kor godt stemmer desse påstandane for deg?

(Set eit kryss for kvar setning)

Heilt uenig	Litt uenig	Litt enig	Heilt enig
----------------	---------------	--------------	---------------

- Gode karakterar er viktig for meg
- Eg er flink til å skrive
- Det er interessant å lære nye ting
- Det er viktigare å lære seg å skrive bokmål, for det får ein mest bruk for
- Eg har problem med å forstå mange ord og uttrykk i lærebøkene
- Det er for mykje teori på skulen
- Det er bortkasta med lang utdanning


18. Tenker du at det hadde vore lettare å ha bokmål som hovudmål?

- Ja
- Nei
- Kanskje

19. Kan du forklare kvifor?

*Skriv her:*

20. Har du tenkt på å skifte hovudmål frå nynorsk til bokmål?

- Ja
- Nei

21. Kva for skriftspråk bruker dei vaksne heime?

- Nynorsk
- Bokmål
- Begge delar
- Veit ikkje

22. Kva slags retning trur du at du kjem til å velje på vidaregåande?

- Studieførebuande utdanningsprogram
- Yrkesfagleg utdanningsprogram

23. Kva slags linje trur du at du kjem til å velje?

- Idrettsfag
- Kunst, design og arkitektur
- Medie og kommunikasjon
- Musikk, dans og drama
- Studiespesialisering
- Bygg og anleggsteknikk
- Design og håndverk/medieproduksjon
- Elektrofag
- Helse og oppvekstfag
- Naturbruk
- Restaurant- og matfag

- Service og samferdsel
- Teknikk og industriell produksjon

24. Har det noko å seie for deg kor ein kan gå på desse linjene?

- Ja, vil gjerne flytte
- Ja, vil helst ikkje flytte
- Nei, det spelar inga rolle om eg må flytte eller ikkje
- Usikker

25. Trur du at du kjem til å ha nynorsk som hovudmål på vidaregåande?

- Ja
- Nei
- Usikker

26. Viss ja, kvifor? (*Her kan du krysse av på fleire*)

- Dei fleste rundt meg bruker nynorsk
- Nynorsk er lettast
- Nynorsk ligg nærast dialekten min
- Får kompetanse i begge målformene
- Nynorsk er “mest meg”
- Liker nynorsk best
- Viktig å halde på nynorsk
- Har ingen grunn til å skifte til bokmål

27. Set kryss ved 1-3 ord du tenker på når du høyrer ordet “nynorsk”.

- Poetisk
- Stygt
- Elegant
- Fint
- Kjedeleg
- Gammaldags
- Naturleg
- Vanleg

- Tøft
- Enkelt
- Bygdespråk
- Byspråk

28. Set kryss ved 1-3 ord du tenker på når du hører ordet “bokmål”.

- Poetisk
- Stygt
- Elegant
- Fint
- Kjedeleg
- Gammaldags
- Naturleg
- Vanleg
- Tøft
- Enkelt
- Bygdespråk
- Byspråk

29. Opplever du at skriftspråket ditt, nynorsk, er ein viktig del av kven du er?

- Ja
- Nei
- Usikker

30. liker du å lese: (*set kryss*)

I svært liten grad	I liten grad	I stor grad	I svært stor grad
--------------------------	-----------------	----------------	----------------------

- Nynorsk
- Bokmål
- Engelsk


31. liker du å skrive: (*set kryss*)

I svært liten grad	I liten grad	I stor grad	I svært stor grad
--------------------------	-----------------	----------------	----------------------

- Nynorsk
- Bokmål
- Engelsk


32. Korleis reagerer du om nokon skriv nynorsk i sosiale medie?

*Skriv her:*

33. Kva meiner du:

- Fleire TV-seriar bør bli teksta på nynorsk
  - Ja
  - Nei
- Fleire bøker av utanlandske forfattarar bør bli omsett til nynorsk
  - Ja
  - Nei
- Journalistar som har nynorsk som målform bør ha lov til å skrive på nynorsk i dei store avisene
  - Ja
  - Nei
- Det bør vere meir nynorsk på nett, TV, radio og andre medie
  - Ja
  - Nei

34. Bruker du eit anna skriftspråk på nett, meldingar og anna du skriv på fritida enn det du gjer på skulen?

- Ja, mest bokmål
- Ja, mest dialekt
- Det kjem an på kven eg skriv til
- Nei

35. Tenk deg at du er invitert til ein god venn på fredag, men du kan ikkje komme fordi du skal feire bursdagen til bestemor di. Skriv ei melding til vennen din der du forklarer situasjonen. Prøv å skrive akkurat slik du ville ha gjort på mobilen din:

*Skriv her:*

36. Kva slags form av spørreordet “kvifor” bruker du i meldingar til venner?

(Eksempel: “Kvifor det?”)

- Kvifor
- Kåffer/koffer/kåffor
- Hvorfor
- Anna ord: \_\_\_\_\_

37. Kva slags form av verbet “å komme” bruker du i meldingar til venner?

(Eksempel: “Kjem du i morgen?”)

- Kjem
- Kjæme/Kjæm/Kjeme
- Kommer
- Anna ord: \_\_\_\_\_

38. Kva slags form av pronomenet “eg” bruker du i meldingar til venner?

(Eksempel: “Eg er her nå”)

- Eg
- Æg/æ
- Jeg
- Anna ord: \_\_\_\_\_

39. Kva slags form av pronomenet “oss” bruker du i meldingar til venner?

(Eksempel: “Blir du med oss?”)

- Oss
- Åkke/åkk/okke
- Anna ord: \_\_\_\_\_

40. Har du opplevd at nokon har kommentert negativt at du skriv nynorsk?

- Ja
- Nei

41. Viss ja, kva har blitt sagt?

Skriv her:

## Vedlegg 3: Tabellar og figurar

### Tabellar

**Tabell 3.1 Oppfatning av nynorsk og bokmål (Mæhlum, 2008)**

Nynorsk	Bokmål
Lokalt eller regionalt	Overregionalt, geografisk nøytralt
Lokalsamfunnet	Storsamfunnet
Periferi	Sentrum
Ruralt, distriktstilknyttet	Urbant, sentralt
Markert, avstikkende	Umarkert, alminnelig
Tradisjon	Modernitet

**Tabell 3.2 Språkmarknad (Berge og Skog, 1998)**

Språkmarked	Bokmål	Nynorsk
Anvendelse	Majoritetsspråk Høy bruksfrekvens Offisielt språk Byspråk	Minoritetsspråk Lav bruksfrekvens Bygdespråk Dialekt
Domene	Generell anvendelse	Poesi, litteratur
Status	Umarkert «Normalt»	Markert Avvikende
Symbolfunksjon	Symbolsk dominans Legitim kultur	Motkultur Folklore
Mekanismer for opprett-holdelse av språket	«Storsamfunnets språksosialisering»	Regionalisme Bygdepatriotisme Individualisme

## **Figurar**

**Figur 2.1 Hovudmål i grunnskulane - Aust-Agder (Statistisk sentralbyrå, 2018a)**

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
<b>Bokmål</b>	13441	13413	13440	13507	13527	13617	13537	13522	13600	13812	13883
<b>Nynorsk</b>	1048	924	853	810	795	779	759	741	716	728	697
<b>Total</b>	14489	14337	14293	14317	14322	14396	14296	14263	14316	14540	14580


**Figur 2.2 Hovudmål i grunnskulane - Noreg (Statistisk sentralbyrå, 2018a)**

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
<b>Bok-mål</b>	532126	531683	532133	533094	532603	533579	534238	537451	542234	547511	551214
<b>Ny-norsk</b>	84237	82392	81214	79841	78794	77411	76977	76679	76389	76549	76352
<b>Total</b>	616363	614075	613347	612935	611397	610990	611215	614130	618623	624060	627566


**Figur 2.3 Folketalsutvikling i kommunane i og rundt Setesdal (Statistisk sentralbyrå, 2018b)**

	Folketalet ved utgangen av kvartalet										
	2007K1	2008K1	2009K1	2010K1	2011K1	2012K1	2013K1	2014K1	2015K1	2016K1	2017K1
0935 Iveland	1 190	1 211	1 222	1 266	1 305	1 295	1 294	1 319	1 316	1 328	1 331
0937 Evje og Hornnes	3 308	3 334	3 390	3 418	3 497	3 506	3 542	3 549	3 566	3 592	3 616
0938 Bygland	1 249	1 240	1 228	1 223	1 232	1 211	1 191	1 187	1 207	1 195	1 202
0940 Valle	1 310	1 321	1 301	1 286	1 268	1 288	1 282	1 252	1 238	1 247	1 246
0941 Bykle	909	922	958	971	980	960	939	942	947	939	965


**Figur 3.1 Dei tre komponentane som utgjer haldningar (Rosenberg & Hovland, 1960)**




**Figur 5.1 Ord elevane tenkjer om “nynorsk”**




**Figur 5.2 Ord elevane tenkjer om “bokmål”**



**Figur 5.3 Kva synest du om norskfaget?**




**Figur 5.4 Meir nynorsk i samfunnet?**




**Figur 5.5 Negative kommentarar på nynorskskriving**

Har du opplevd negative kommentarar på at du skriv nynorsk?




**Figur 5.6 Kunnskap i nynorsk**

15. Kor godt skriv du nynorsk?




**Figur 5.7 Kunnskap i bokmål**

16. Kor godt skriv du bokmål?




**Figur 5.8 Oppfatning av den lokale dialekten**

5. Kva synest du om den lokale dialekten?




**Figur 5.9 Er det viktig for deg å halde på den lokale dialekten?**

7. Viktig å halde på dialekten?




**Figur 5.10 Forholdet mellom nynorsk og den lokale dialekten**


8. Nynorsk nær dialekten din?



**Figur 5.11 Skriftspråk i meldingar til vener**




**Figur 5.12 Bruk av anna skriftspråk enn nynorsk**




**Figur 5.13 Informanten vel ord blant nynorsk-, bokmål- og dialektvariantar**

36-39. Informanten vel ord han/ho brukar i meldingar




**Figur 5.14 Haldningar til å lese**

30. Likar du å lese...




**Figur 5.15 Haldningar til å skrive**

31. Likar du å skrive...




**Figur 5.16 Grepstad sine tal “Liker du å lese...” (Grepstad, 2015)**

Figur 7.5  
Nynorskelevers haldning til å lese 2006  
"Liker du å lese ... "




**Figur 5.17 Grepstad sine tal “Liker du å skrive...” (Grepstad, 2015)**

Figur 7.6  
Bokmålselevs haldning til å lese 2006  
"Liker du å lese ... "




**Figur 5.18 Kva les du mest av på fritida?**

**9. Fritidslesing - alle svar**




**Figur 5.19 Om elevane kjem til å halde fram med nynorsk på vidaregåande**

**25. Nynorsk på VGS**




**Figur 5.20 Kvifor velje nynorsk**

26. Kvifor nynorsk på VGS




**Figur 5.21 Lettare med bokmål som hovedmål?**

18. Hadde det vore lettare å ha bokmål som hovedmål?




**Figur 5.22 Målformskifte frå nynorsk til bokmål**

20. Har du tenkt på å skifte frå nynorsk til bokmål?




**Figur 5.23 Målformskifte frå nynorsk til bokmål blant medelevar**

14. Kjenner du nokon som har skifta frå nynorsk til bokmål?




**Figur 5.24 Kva slags linje på vidaregåande**

**23. Kva slags linje på VGS**



**Figur 5.25 Har det noko å seie kor ein kan gå på linjene på VGS?**

**24. Har det noko å seie for deg kor ein kan gå på desse linjene?**



**Figurar som ikkje er brukt i teksten, men der resultata blir diskuterte:**

Spørsmål 2. Kva synest du om heimkommunen din?


**2. Heimkommunen**



Kva synest du om heimkommunen din?


Spørsmål 4. Kor vil du helst bu når du blir voksen?

**4. Kor vil du helst bu når du blir voksen?**




Spørsmål 6. Kva slags dialekt snakkar du sjølv?

6. Dialekten du snakkar sjølv




Spørsmål 9. Kva les du mest av på fritida? Svar med kun ei avkryssing:

Fritidslesing - kun kryssa av for eit svar




Spørsmål 10. Kor godt liker du deg på skulen?

#### 10. Trivsel på skulen




Spørsmål 12. Meiner du at du får lese nok nynorsk litteratur på skulen?

#### 12. Nok nynorsk litteratur på skulen




Spørsmål 17. Kor godt stemmer desse påstandane for deg?

17. Viktigare å lære seg bokmål




Spørsmål 21. Kva for skriftspråk bruker dei vaksne heime?

21. Skriftspråk foreldre/føresette




Spørsmål 22. Kva slags retning trur du at du kjem til å velje på vidaregåande?

22. Kva slags retning på VGS



Spørsmål 29. Opplever du at skriftspråket ditt, nynorsk, er ein viktig del av kven du er?

### 29. Nynorsk, ein viktig del av deg?



## Vedlegg 4: Informantutsegner fra opne spørsmål

### 4.1 Spørsmål 3. Kva liker du best med å bu her?

#### Argument om fritid og idrett

Det eg liker best med å bu her er at eg kan spele handball, og at hallen er nærmere.

Det er mange aktiviteter å gjøre. Det er ikkje så folksomt.

Mange aktivitetar ein kan gjer på fritida. Fin plass

Kan gjør mange ting her.

Fotballbanen

Alle idrettstilbuda og at det ikkje er like mange folk her som i større byer.

Gode plasser å sykle, å kjøre cross og firehjuling

Alle forskjellige idrettstilboda det er.

Eg kan gå på ski.

Det er ein fin plass der det er masse å finne på.

Fotball og handball.

Ein liten plass (kjener mange) med kort veg mellom evje og hornnes mye å gjøre om sommeren (båt, og litt forskjellig)

Eg likar båt, idrettslaget og klimaet.

#### Argument om folk og sosialt liv

At alle kjenner alle.

Det er ein rolig plass der ein kjenner nesten alle.

Ikkje for masse folk.

Folk er hyggelige og butikkane er nærme.

Vennane

Ein rettferdig kommune. E liker å bu her for 98% av Evje og Hornnes' befolkning er greie mennesker.

Det er sosialt.

Det er levende der.

Eg liker best å bo her, siden eg har alle venene mine her.

Føler meg trygg når eg er ute (f.eks. i sentrum). Har mange venar og følar at alle er snille.

Det er ikkje så mange folk her.

At de fleste er hyggelege.

At det ikke er så mange folk her.

Den er liten og koselig.

### **Argument om natur og miljø**

Stillheten, og miljøet er bra her.

Naturen er fin her.

Natur

At eg kan puste rein luft og det er frihet.

Trygt og godt

### **Argument om sentral plassering og mattilbod**

Mange butikker her

Det er nærmere til alt.

God mat, billig mat.

Kebab. Thaimat. God mat.

## **4.2 Spørsmål 19. Bokmål som hovedmål. Enklare eller ikkje?**

### **Argument for nynorsk**

Det er lettare å ha nynorsk og bokmål som sidemål fordi bokmål er lettare enn nynorsk.

Eg kan fleire ord i nynorsk

Eg er usikker for har ikkje prøvd noko serleg bokmål, men mange seier at det er eit lettare språk å snakke

Eg bruker mykje meir nynorsk enn bokmål

Eg har alltid hatt nynorsk. Eg følar det går greit.

For eg hadde nynorsk på barneskulen.

Fordi eg er vant med å skrive nynorsk

Fordi det hadde berre vært tungvindt å bytte etter 7 år.

Det kunne ha vore lettare å ha bokmål som hovedmål. Men samtidig så er det viktig å kunne nynorsk og då blir det også lettare på framandspråkeksamen.

Nynorsk er jo vanskeligare å lære enn bokmål, men eg vil halde på nynorsken.

### **Argument for bokmål**

Fordi eg skriv meir bokmål på fritida og eg får ikkje like mange skrivefeil

Fordi eg skriver bokmål på fritida

Det kjem meir naturleg å skrive bokmål, så det er lettare med det.

Nynorsklærer syntest at eg er litt dårleg å skrive nynorsk og skriver litt for mykje bokmål

Eg veit eigentleg ikkje, men ein opplevar meir bokmål så det er lettare å forstå.

Fordi at mamma og pappa kjem ikkje frå Noreg, så det blir vanskeligere for dei å hjelpe meg med nynorsk enn bokmål.

Det ligner mer på det eg snakkar

Skriver bedre bokmål

Bokmål er språket eg har vokst opp med og derfor kan eg bokmål nokså godt fra før av.

Fordi det bruker vi mer i dagliglivet

Nynorsk er vanskelig, skjønner ingenting

Nynorsk er det mange ord som er forskjellige og skrives heilt annerledes enn bokmål

Eg leser meir bokmål og det er mange sa\*\*\*\*\* (ord umogleg å tyde) med dialekter

Kan det bare betre

Meir vant med det

Alle kan skrive bokmål. Du trenger ikke å huske på endinger ar-anne. Kan bare skrive uten å tenke på skrivefeil, fordi du hører bokmål hele tiden.

Det er det jeg skriver til vanelig

For det er mye lettere og jeg skriver det mye mer

Det er flere som bruker bokmål og jeg tror jeg får mer bruk for bokmål i framtida

Det er færre reglar i bokmål og det kan vere lettare å forstå alle orda.

Det er ikkje like mange reglar i bokmål. Reglane (i bokmål) er i så fall enklare.

Sida bokmål snakke fleire.

Bokmål er nærmere min dialekt.

Fordi eg er bedre til å skrive bokmål for eg snakker bokmål.

#### **4.3 Spørsmål 32. Korleis reagerer du om nokon skriv nynorsk i sosiale medier?**

##### **Negative reaksjonar - 5 stk**

Tenker folk har vanskelig for å forstå! Det er tyngre å lese

Blir litt irritert

Merkelig

Litt rart

Nynorsk? Offa mæg. Skriv dialekt!

<b>Nøytrale reaksjonar - 23 stk</b>		
Tenker ikkje over det	Ingenting	Bryr meg ikkje
Veit ikkje	Vanlig	Tenker ikkje på det
Eg legg ikkje merke til det	Bryr meg ikke egentlig, synes det kanskje er litt rart.	Eg reagerer ikkje
Tenker ikke over det	Synes det er opp til de hva de vil skrive	Reagerer ikkje egentlig
Bryr meg ikkje	Tenker ikke på det	Bryr meg ikkje
Veit ikkje heilt, tenker at det er litt meir uvanleg	Eg reagerer ikkje på det	Bryr meg ikkje
Merkar det ikkje	Bryr meg ikke	Ikkje noko spesielt
Reagerer ikkje noko spesielt		Ingenting eller bare litt

#### **Positive reaksjonar - 7 stk**

Eg synast at det er kult/fint når folk skriv nynorsk på sosiale medier og ikkje berre på skulen  
 Eg synes det er ganske kult  
 Eg tykkjer det går greitt  
 Eg ser at det er ikkje bare eg som skriv nynorsk  
 Eg tenkjer "wow, tøft". Eg synast det er kult at nokon gjer det.  
 Eg synast det er kult  
 Positivt

#### **4.4 Spørsmål 35. Melding til ein venn:**

Informanten skriv på:	Tal	Prosent
Nynorsk	7	18,9%
Bokmål	10	27,0%
Dialekt	20	54,1%
Totalt	37	100%

#### **4.5 Spørsmål 41. Kva negativt har blitt sagt om å skrive nynorsk?**

Det er teit og det er kun gamle folk som skriv det.

LOL. Du skriver stygt. Offa mæg! Nynorsk!!!!

Bare klager generelt om at de ikke liker det fordi de ikke skjønner det.

Husker ikke

At det er bondeaktig

Hvorfor gidder du å skrive nynorsk, det er jo så vanskelig og gammeldags